Kommuneplanen sin arealdel
Bømlo kommune

Bømlo kommune

Plandokument: 01.10.2026

Notat - Byggjegrense

Innleiing

Etter byggjegrensa var på høyring, saman med resten av KPA, i 2024, er det gjort endringar. Endringane er i hovudsak på bakgrunn av at det er komme merknadar og motsegn til byggjegrensa i tillegg til at det er gjennomført planvask.

Byggjegrensa er gjennomgått og justert til å samsvare med revidert plankart med tanke på planvask, slik at den framleis ligg i utbyggingsområde og ikkje i LNF. Samtidig er konkrete merknadar og motsegn vurdert.

I tillegg til disse endringane så er det gjort ein liten teknisk endring i forhold til linja som er brukt. Til 1. høyring blei linja lagt som "byggjegrense", men vert no endra til "forbodsgrense til sjø", denne endringa har ikkje noko praktisk verknad og er meir ei presisering.

Under følger ein fullstendig gjennomgang av endringane som gjort med tilhøyrande vurderingar. Vurderingane er gjort samla for ein rekke geografiske delområde i kommunen.

Metode

Byggjegrensa er vurdert punktvis i ein tabell, der kvart punkt omfattar eit avgrensa geografisk område i kommunen. Byggjegrensa for dei enkelte områda er vurdert opp mot nokon fastsette vurderingskriterium som er satt basert på generelle merknadar og øvrige endringar i kommuneplanen. Vidare er byggjegrensa vurdert endra på bakgrunn av konkrete merknadar og innspel som kommunen tok i mot i forbindelse med førre høyring av planen. Under er en gjennomgang av desse:

Planvask:
Sidan førre høyring er det gjennomført ein planvask for heile kommuneplanen til Bømlo kommune. Ein planvask er ein gjennomgang og opprydding av alle arealføremål i kommunen. Målet med vasken er å tilbakeføra tidlegare avsette utbyggingsføremål som ikkje lenger er relevante, eller, som på grunn av oppdatert kunnskap, ikkje lenger er egna til utbygging til LNF-formål.

På bakgrunn av endringane som er gjort gjennom denne prosessen er byggjegrensa justert for å følgje nye grenser for arealføremåla.

Generelle merknader

I forbindelse med førre høyring av kommuneplanen sin arealdel tok Bømlo kommune i mot fleire innspel til byggjegrensa av generell karakter. Døme på dette er merknad får Statsforvaltaren i vestland, som påpeiker at byggjegrense mot sjø i nokon tilfelle går utanføre dagens kystkontur. Basert på denne typen innspel er byggjegrensa justert.

Konkrete merknadar

I tillegg til dei generelle merknadane har Bømlo kommune motteke fleire konkrete merknadar på byggjegrensa for avgrensa geografiske områder. Alle innspel til kommuneplanen er gjennomgått i hovudoversikten for merknadar, der ein kan finne sin merknad med tilvising til dette dokumentet til punktet der merknaden er vurdert. Her oppgjer ein også tilvising til journalpostnummer for merknaden som kan vere tenleg å vise til ved vidare dialog med kommunen.

Innholdsfortegnelse

Innleiing 2
Metode 2
Vurdering av byggjegrensa 4
01 Gisøya og Selsøy 4
02 Vikøy og Ylvesøya 9
03 Goddo vest 15
04 Goddo aust 21
05 Rolvsnes, Risø og Røyrøya 27
06 Gjøsætret, Agasystra og Bukkøy mm 31
07 Klubben, Aga og Orrøya 36
08 Rubbestadneset 43
09 Innværfjorden 48
10 Folderøyhamn 56
11 Selsfjorden 59
12 Steganeset, Urangsvågen 60
13 Sæverudsøya, Klovøya, Straumen 65
14 Rogøy, Samnungsøy, Hillesøy, Sogøya mm. 70
15 Økland, Brekke 71
16 Meling, Øvrenese 74
17 Mehus, Hallaråker 81
18 Svortland 85
19 Alvsvåg, Stokkneset 90
20 Stora og Litla Hiskjo 95
21 Buhamrane, Fylkesneset 98
22 Gilje, Kattanakken, Stautland 103
23 Finnås, Grønevik, Ytra Håvik, Tungeneset 108

24 Indre Håvik, Røyksund nord, Siggjarvågen 112
25 Røyksund sør, Eikeland 118
26 Moster, Grindheim, Totland 123
27 Mosterhamn, Serklaug, Grønås 128
28 Spyssøya, Otterøya 133
29 Sakseid, Kuleseid, Steinsvåg, Våge 134
30 Hellvika, Lykling, Nappavika 140
31 Lyklingholmane, Geitung, Nautøya, Skotningen mm 145
32 Grutle, Holme, Gissøya, Vestre Vika 148
33 Espevær mm 152
34 Eidesvik, Kalavåg, Bømlahamn 155
35 Langevåg, Vorland, Andal 161
36 Hille, Bjørnevik, Børøya, Tjongspollen 165

Vurdering av byggjegrensa

01 Gisøya og Selsøy



Område	Omtale av endringar
01-1 gnr/bnr	Det er fleire føremål i området; Kulturhistorisk, fritids- og turistføremål, spreidd bustad og to bustadføremål.

153/23 mfl Brandasund	Det er ikkje merknad til byggjegrensa her, men føremåla er noko redusert i planvasken. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken. 
01-2 gnr/bnr 152/2 mfl Torgjo	Det er to naustføremål og eit føremål for spreidd bustad i området. Det er ikkje merknadar til byggjegrensa, men føremåla er noko redusert i planvasken. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken.

	 
01-3 Gnr/bnr 155/18 mfl Kvarven	Det er føremål for spreidd bustad, naustføremål, forretning, tenesteyting, småbåthamn, kulturhistorisk og naust i området. Det er komme merknad på byggjegrensa i sør (merknad 458) og merknaden frå Statsforvaltaren om at byggjegrensa ikkje skal gå i sjø er aktuell då den i området for småbåthamn er sett ut i sjø. Eit par av føremåla er noko redusert i planvasken. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken og merknaden frå statsforvaltar. Merknad 458 er delvis imøtekommen, men justert for terrenget .  
01-4 gnr/bnr 155/24 mfl Kastevik	Det er ein gjeldande reguleringsplan i området. Gjeld for det store næringsområdet sør for Kastevika. Innanfor reguleringsplanen er sett byggjegrense og den er derfor ikkje sett i KPA i tillegg. Elles er det føremål for spreidd bustad, naust, næring og kulturhistorisk i området. Det er komme merknad på byggjegrensa i det urørte området nord for Kastevika (merknad 743) og merknaden frå Statsforvaltaren om at byggjegrensa ikkje skal gå i sjø er aktuell då den i det eine

	næringsføremålet er sett ut i sjø. Områda for spreidd bustad er redusert i planvasken. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken og merknaden frå statsforvaltar. Det er forutsett nærmare avklaring av byggjegrense gjennom utarbeiding av reguleringsplan for det ubygde næringsområdet. Byggjegrensa er ikkje justert etter merknad 743 då området er i stor grad urørt og med slikt terreng og storleik at det må utarbeidast reguleringsplan før utbygging. 

01-5 gnr/bnr 154/14 mfl Tjoavikane	Det er ein gjeldande reguleringsplan i området. Gjeld for området med kombinert føremål med tilhøyrande veg og småbåtanlegg. Innanfor reguleringsplanen er sett byggjegrense og den er derfor ikkje sett i KPA i tillegg. Elles er det område for naust og spreidd bustad i området. Det er ikkje merknadar til byggjegrensa, men føremåla er noko redusert i planvasken. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken. 

02 Vikøy og Ylvesøya



Område	Omtale av endringar
02-1 gnr/bnr 150/7 mfl Vikøy nord	Det er føremål for naust, fritidsbustad og spreidd bustad i området. Det er ikkje merknadar til byggjegrensa, men føremåla er noko redusert i planvasken. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken. 

02-2 gnr/bnr 148/3 mfl Vonheim mm	Det er føremål for kulturhistorisk, naust , bustad og småbåthamn i området. Det er ikkje merknadar til byggjegrensa, men føremåla er noko redusert i planvasken. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken. Det er forutsett nærmare avklaring av byggjegrense gjennom utarbeiding av reguleringsplan for småbåthamna.  
02-3 gnr/bnr 147/4 mfl Vikøysundet	Det er føremål for fritidsbustad med tilhøyrande småbåtanlegg i området. Det er ikkje merknadar til byggjegrensa, men føremåla er noko redusert i planvasken. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken.  

	 
02-4 gnr/bnr 147/16 Fureholmen	Det er føremål for naust i området. Det er ikkje merknadar til byggjegrensa, men føremåla er noko redusert i planvasken. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken.  
02-5 gnr/bnr 149/5 mfl Nordvik og Sørvik	Det er føremål for fritidsbustad, naust og næring i området. Det er ikkje merknadar til byggjegrensa, men føremåla er noko redusert i planvasken. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken. Det er forutsett nærmare avklaring av byggjegrense gjennom utarbeiding av reguleringsplan for utviding av næringsområdet.

	
02-6 gnr/bnr 151/4 Djupedalen	Naustføremålet er tatt ut i planvasken. Sidan området etter planvask ikkje opnar for utbygging er det ikkje naudsynt med verken byggjegrense eller nærmare vurdering av byggjegrense gjennom reguleringsplan.

	 
02-7 gnr/bnr 151/11 mfl Kvernanes	Det er ein gjeldande reguleringsplan i området. Gjeld for det kombinerte føremålet samt ein del bustad, naust og småbåtanlegg. Byggjegrense er sett i tråd med reguleringsplanen som er ganske utbygd. Elles er det føremål for bustad og naust i området. Merknaden frå Statsforvaltaren om at byggjegrensa ikkje skal gå i sjø er aktuell då den i området for småbåtanlegg er sett ut i sjø. Føremåla er noko redusert i planvasken, men areala som er endra låg utanfor byggjegrensa. Det er eit nytt naustføremål i søraust etter 1. høyring. Byggjegrensa er justert i samsvar med merknaden frå statsforvaltar. Det er forutsett nærmare avklaring av byggjegrense gjennom utarbeiding av reguleringsplan for det nye naustområdet i søraust.  
02-8 gnr/bnr 151/17 mfl Neset	Det er bustad og fritidsbust med tilhøyrande småbåtanlegg i området. Det er ikkje merknad til byggjegrensa her og føremåla er ikkje endra i planvasken. Ingen endring etter 1.høyring.


SMB

03 Goddo vest



Område	Omtale av endringar
03-1 gnr/bnr 69/4 mfl Skålevik	Det er føremål for fritidsbustad, naust, næring og spreidd bustad i området. Det er komme merknad på byggjegrensa i området for spreidd bustad i aust (merknad 612). Føremåla er noko redusert i planvasken. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken. Byggjegrensa er ikkje justert etter merknad 612 då ønska endring ligg i område som er føreslått som LNF-område og ikkje utbyggingsområde etter planvasken og merknadsbehandling. Det er forutsett nærmare avklaring av byggjegrense gjennom utarbeiding av reguleringsplan for utviding av næringsområdet og noko areal for fritidsbustad.

	
03-2 gnr/bnr 71/30 mfl Skinnhue-neset	Det er ein gjeldande reguleringsplan i området. Gjeld for det det eine naustområdet. Byggjegrense er sett i tråd med reguleringsplanen som er ganske utbygd. Elles er det føremål for naust, kulturhistorisk, bustad og tenesteyting i området. Det er komme merknad på byggjegrensa som gjeld for det eine naustføremålet og bustadføremålet (Merknad 716). Merknaden frå Statsforvaltaren om at byggjegrensa ikkje skal gå i sjø er aktuell då den i det regulerte området for naust er sett ut i sjø. Føremåla er noko redusert i planvasken og eit av bustadføremål er tatt heilt ut. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken og merknaden frå statsforvaltaren. Byggjegrensa er ikkje endra etter merknad 716 dels grunna planvask og dels grunna at den allereie opnar for vidareutvikling av eksisterande naust i området.

	   
03-3 gnr/bnr 73/12 mfl Legøya	Det er fritidsbustad og småbåtanlegg i området. Merknaden frå Statsforvaltaren om at byggjegrensa ikkje skal gå i sjø er aktuell då den i det eine området for småbåtanlegg er sett ut i sjø. Føremåla er redusert i planvasken, men areala som er endra låg utanfor byggjegrensa. Byggjegrensa er justert i samsvar med merknaden frå statsforvaltaren.

	 
03-4 gnr/bnr 73/5 mfl Hedlo	Det er ein gjeldande reguleringsplan i området. Gjeld for det store hytteområdet i sør med tilhøyrande naust. Innanfor reguleringsplanen er sett byggjegrense og den er derfor ikkje sett i KPA i tillegg. Elles er det føremål for naust og fritidsbustad i området. Det er ikkje merknad til byggjegrensa her, men føremåla er noko redusert i planvasken. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken.    
03-5 gnr/bnr 74/27 mfl	Det er føremål for naust, kulturhistorisk, bustad, fritidsbustad og spreidd bustad i området. Det er komme merknad på byggjegrensa som gjeld for det eine fritidsbustadføremålet (Merknad 720 og 757). Føremåla er noko redusert i planvasken.

Katla og Røyrøya	Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken. Merknad 720 og 757 strider ein del med planvasken, men det er gjort noko justeringar av byggjegrensa der utbyggingsføremålet er vidareført. 

03-6 gnr/bnr 74/37 mfl Katlavika	Det er føremål for naust, småbåtanlegg, småbåthamn, kulturhistorisk, bustad, fritidsbustad og spreidd bustad i området. Det er komme merknad på byggjegrensa som gjeld for det eine spreidd bustad (Merknad 684) og kulturhistorisk og småbåtanlegg (Merknad 720). Føremåla er noko redusert i planvasken. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken. Byggjegrensa er justert i samsvar med merknad 684. Byggjegrensa er ikkje endra etter merknad 720 då området har kulturhistorisk verdi og byggjegrensa opnar allereie for nokre mindre tiltak/utvidingar. Det er forutsett nærmare avklaring av byggjegrense gjennom utarbeiding av reguleringsplan for utviding av naustområdet i søraust.  

04 Goddo aust



Område	Omtale av endringar
04-1 gnr/bnr 66/19 mfl Klubbo	Det er naust og spreidd bustad i området. Det er ikkje merknad til byggjegrensa her, men føremåla er noko redusert i planvasken og eit næringsføremål er tatt heilt ut i planvasken. Areala som er endra i planvasken låg utanfor byggjegrensa. Ingen endring av byggjegrensa.

	 
04-2 gnr/bnr 66/28 mfl Myra	Det er ein gjeldande reguleringsplan i området. Gjeld for fritidsbustadområde, bustad og naust i vest. Reguleringsplanen har sett byggjegrense for fritidsbustadane, men ikkje naust og bustad. Byggjegrensa i KPA supplerer den i reguleringsplanen og er sett i tråd med reguleringsplanen. Elles er det føremål for bustad og fritidsbustad i området. Merknaden frå Statsforvaltaren om at byggjegrensa ikkje skal gå i sjø er aktuell då den i regulert naustområde er sett ut i sjø. Føremålet for bustad utanfor reguleringsplanen er redusert i planvasken slik at det no ikkje er i 100-metersbeltet. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvask og merknad frå statsforvaltaren.    
04-3 gnr/bnr 65/20 mfl Ådnarå	Det er føremål for naust og spreidd bustad i området. Merknaden frå Statsforvaltaren om at byggjegrensa ikkje skal gå i sjø er aktuell då den i naustområde i nordvest er sett ut i sjø. Det er merknad til byggjegrensa i naustområdet i nordvest og spreidd bustad (Merknad 742). Føremåla er noko justert i planvasken.

	Byggjegrensa er justert i samsvar med planvask og merknad frå statsforvaltaren. Byggjegrensa er ikkje justert etter merknad 742 då ønska endring ligg i område som er føreslått som LNF-område og ikkje utbyggingsområde etter planvasken og merknadsbehandling. 
04-4 gnr/bnr 65/9 mfl Klungervik	Det er ein gjeldande reguleringsplan i området. Gjeld for naust og småbåthamn i sør. Reguleringsplanen har sett byggjegrense for naust. Byggjegrensa for småbåtanlegget i KPA supplerer den i reguleringsplanen og er sett i tråd med reguleringsplanen. Elles er det naustføremål i området. Merknaden frå Statsforvaltaren om at byggjegrensa ikkje skal gå i sjø er aktuell då den i naustområde i nordvest er sett ut i sjø. Det er merknad til byggjegrensa i naustområdet i nordvest og spreidd bustad (Merknad 758). Føremåla er noko justert i planvasken. Byggjegrensa i småbåtanlegget er justert etter merknaden frå statsforvaltaren. Det er lagt inn byggjegrense for eksisterande naust og noko etablert fylling i naustområdet etter planvask og merknad 758. Det er forutsett nærmare avklaring av byggjegrense gjennom utarbeiding av reguleringsplan for eventuell vidare utbygging.

	
04-5 gnr/bnr 65/11 mfl Krunenes	Det er ein gjeldande reguleringsplan i området. Gjeld for området med fritidsbustad, naust og småbåtanlegg. Innanfor reguleringsplanen er sett byggjegrense og den er derfor ikkje sett i KPA i tillegg. Elles er det område for spreidd bustad i området. Det er ikkje merknadar til byggjegrensa, men føremålet er noko redusert i planvasken. Areala som er endra i planvasken låg utanfor byggjegrensa. Ingen endring av byggjegrensa.

	 
04-6 gnr/bnr 63/13 mfl Krossen	Det er ein gjeldande reguleringsplan i området. Gjeld for fritidsbustad, naust og småbåthamn. Føremåla er vidare detaljert, men i praksis ikkje redusert i planvasken. Merknaden frå Statsforvaltaren om at byggjegrensa ikkje skal gå i sjø er aktuell då den i naustområde i nordvest er sett ut i sjø. Byggjegrensa er justert til eksisterande bygg. Vidare utbygging forutsett ny reguleringsplan.  
04-7 gnr/bnr 63/18 mfl Erevik	Det er ein gjeldande reguleringsplan i området. Gjeld for bustad. Byggjegrense er sett i tråd med reguleringsplanen. Elles er det bustad, tenesteyting, naust og småbåthamn i området. Det er merknad til byggjegrensa i naustområdet (Merknad 739, 745 og 749). Føremåla er noko justert i planvasken. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken og eit eksisterande bustadhus som låg utanfor byggjegrensa. Byggjegrensa er ikkje justert

	etter merknad 739,745 og 749 då området har plass til mykje utbygging slik at det må utarbeidast reguleringsplan før vidare utbygging.  
04-8 gnr/bnr 75/12 mfl Helgeplass	Det er bustad, fritidsbustad, naust og småbåtanlegg i området. Det er merknad til byggjegrensa i naustområdet (Merknad 734 og 786) og bustad (Merknad 786). Føremåla er noko justert i planvasken. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken. Det er og lagt inn ny byggjegrense for nytt arealføremål for fritidsbustad for ein utbygd eigedom. Byggjegrensa er ikkje endra i samsvar med merknad 734 eller 786, då areala er endra til LNF i planvasken, eller at byggjegrensa allereie opnar for ein del vidareutvikling.  

05 Rolvsnes, Risø og Røyrøya



Område	Omtale av endringar
05-1 gnr/bnr 76/90 mfl Prestkone- vik	Det er fritidsbustadføremål i området. Det er ingen merknadar, men føremålet er noko redusert i planvasken. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken.  

05-2 gnr/bnr 76/170 mfl Kvernavik	Der er bustad, naust, fritidsbustad og næring i området. Det er ingen merknadar, men føremåla er redusert i planvasken. Byggjegrensa er justert i samsvvar med planvasken. Det er også lagt til byggjegrense for eksisterande tiltak i næringsområdet. 

05-3 gnr/bnr 76/41 mfl Kolameis-bleikja	Det er naust og bustad i området. Det er ikkje merknadar for området. Naustføremålet er redusert i planvasken, men areala som er endra låg utanfor byggjegrensa. Byggjegrensa er ikkje endra. 
05-4 gnr/bnr 76/62 mfl Skieneset	Det er to gjeldande reguleringsplanar i området. Gjeld for det eine området med fritidsbustad på land og det delar av areala til fritidsbustad til sjø, med tilhøyrande småbåtanlegg. Innanfor reguleringsplanane er sett byggjegrense og den er derfor ikkje sett i KPA i tillegg. Elles er det fritidsbustad, bustad, naust og småbåtanlegg i området. Det er ikkje merknadar for området. Bustadføremålet er redusert i planvasken, men areala som er endra låg utanfor byggjegrensa. Byggjegrensa er ikkje endra. 
05-5 gnr/bnr 76/200 mfl Rolvsnes	Det er bustad, fritidsbustad og småbåtanlegg i området. Det er komme merknadar på byggjegrensa i området (merknad 685 og 821). Føremåla er redusert i planvasken. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken. Byggjegrensa er ikkje justert etter merknad 685 og 821 då ønska endring ligg i område som er føreslått som LNF-område og ikkje utbyggingsområde etter planvasken.

	 
05-6 gnr/bnr 76/44 mfl Båtbyggjar-vegen	Det er bustad, småbåthamn og næring i området. Det er ikkje merknadar for området. Bustadføremålet er redusert i planvasken, men areala som er endra låg utanfor byggjegrensa. Byggjegrensa er ikkje endra.  
05-7 gnr/bnr 76/180 mfl Dyrvik	Det er to gjeldande reguleringsplanar i området. Begge reguleringsplanane er føreslått oppheva og utbyggingsføremåla er redusert i planvasken. Det er komme merknad på byggjegrensa i området (merknad 611). Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken. Byggjegrensa er ikkje endra i samsvar med merknad 611 då ønska endring ligg i område som er føreslått som LNF-område og ikkje utbyggingsområde etter planvasken.





06 Gjøsætret, Agasystra og Bukkøy mm



Område	Omtale av endringar
06-1 Gbnr. 78/8 m.fl	Det ligg ikkje føre merknadar til byggjegrensa i området. Byggjegrense mot sjø er justert i området til å samsvara med arealføremål etter gjennomført planvask. Dette innebere ei viss innskrenking i områder avsett til LNF-spreidd.

Brakedal	
06-2 Gbnr. 144/42 m.fl Agasøster vest	Det ligg ikkje føre merknadar til byggjegrensa i området. Det er lagt inn ny byggjegrense for naustområde som omfattar mellom anna gbnr. 79/2. 

	
06-3 Gbnr. 144/92 m.fl Agasøster nordvest	Det ligg ikkje føre merknadar til byggjegrensa i området. Det er lagt inn ny byggjegrense for naustområde. Byggjegrense i LNF-spreidd område er innskrenka for å vere i tråd med avsett arealføremål etter gjennomført planvask.  
06-4 Gbnr. Agasøster Aust	Området er avsett til fritidsbustadar og spreidd bustad i kommuneplan. Det ligg føre ein merknad til byggjegrensene i området, gitt i journalpost 845. Den oppgir eit ønske om å justere byggjegrense nærmare sjø for gbnr. 144/37. Det er ikkje grunngitt kvifor. Området står fram som urørd i dag. Ein kan ikkje sjå særlege grunnar til å utvide grensa i området, som er vist rundt eksisterande bygg på eigedomen. Merknaden er ikkje tatt til følgje.

	Elles er byggjegrense i LNF-spreidd område er innskrenka for å vere i tråd med avsett arealføremål etter gjennomført planvask. Det er også gjort små justeringar for byggjegrense knytt til gbnr. 144/123 av same grunn.  
06-5 Gbnr. 49/37 m.fl Gjøsætret nord	Det ligg ikkje føre merknadar til byggjegrensa i området. Byggjegrense i LNF-spreidd område er innskrenka for å vere i tråd med avsett arealføremål etter gjennomført planvask. Det er også gjort små justeringar for byggjegrense knytt til naustområde i nord av same grunn.

	 
06-6 Gbnr. 79/8 m.fl Gjøsætret Sør	Det ligg ikkje føre merknadar til byggjegrensa i området. Det er lagt inn byggjegrense mot sjø for naustområder, områder avsett til fritidsbygg og for LNF-spreidd område.  

07 Klubben, Aga og Orrøya



Område	Omtale av endringar
07-1 gnr/bnr 144/122 mfl Aga nordaust	Det er næring, fritidsbustad og småbåtanlegg i området. Det er ikkje merknadar til byggjegrensa for området. Føremåla er redusert i planvasken, men areala som er endra låg utanfor byggjegrensa. Byggjegrensa er ikkje endra.

	 
07-2 gnr/bnr 144/94 mfl Agahamn	Det er naust, fritidsbustad og spreidd bustad i området. Det er ikkje merknadar til byggjegrensa i området. Føremåla er redusert i planvasken. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken. Det er forutsett nærmare avklaring av byggjegrense gjennom utarbeiding av reguleringsplan for det nye naustføremålet i sør.    

	 
07-3 gnr/bnr 144/97 mfl Håpollen	Det er næringsareal i området. Det er ikkje merknadar til byggjegrensa i området. Føremålet er redusert i planvasken. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken.  
07-4 gnr/bnr 144/146 mfl Rotatjørns-vika	Det er fritidsbustad og naust i området. Det er ikkje merknadar til byggjegrensa i området. Føremålet er redusert i planvasken. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken.

	 
07-5 gnr/bnr 144/70 mfl Selavik og Krabbavik	Det er ein gjeldande reguleringsplan i området. Gjeld for fritidsbustad, og naust. Byggjegrense er sett i tråd med reguleringsplanen. Elles er det fritidsbustad i området. Det er ikkje merknadar til byggjegrensa i området. Føremålet utanfor reguleringsplanen er redusert i planvasken, men areala som er endra låg utanfor byggjegrensa. Byggjegrensa er ikkje endra.    
07-6 gnr/bnr 144/9 mfl Monsvik	Det er ein gjeldande reguleringsplan i området. Gjeld for fritidsbustad. Reguleringsplanen er føreslått oppheva og utbyggingsføremåla er redusert i planvasken. Elles er det spreidd bustad i området som er redusert i planvasken. Det var og eit føremål for naust i området som er tatt heilt ut i planvasken. Det er ikkje merknad til byggjegrensa i området.

	Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken. 

07-7 gnr/bnr 80/14 mfl Indra Klubbo	Det er naust, næring, bustad og spreidd bustad i området. Det er komme merknad på byggjegrensa i området for spreidd bustad og naust (Merknad 778 og 810). Fleire av føremåla er redusert i planvasken. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken. Byggjegrensa er noko justert rundt eksisterande bustad og naust etter merknad 778 og 810 og opnar for noko vidareutvikling av eksisterande bygg, merknadane strider dels med planvasken. 
07-8 gnr/bnr 81/23 mfl Nordre Stongar- vågen	Det er føremål for fritid og turisme, fritidsbustad og småbåtanlegg i området. Det er fleire merknadar til byggjegrensa i området (Merknad 490, 602, 633, 643). Fleire av føremåla er redusert i planvasken. Det er lagt til byggjegrense for eksisterande bygg i fritid- og turismeføremålet. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken. Byggjegrensa er ikkje endra i samsvar med merknad 490, 602 og 633 då ønska endring ligg i område som er føreslått som LNF-område og ikkje utbyggingsområde etter planvasken og merknadsbehandling.

	Byggjegrensa er justert noko i bakkant av eksisterande fritidsbustad i nord etter merknad 643.  
07-9 gnr/bnr 81/27 mfl Nordre Stongar-vågen	Det er naust og bustad i området. Det var og eit føremål for småbåthamn i området som er tatt heilt ut i planvasken. Det er merknad til byggjegrensa i området (Merknad 736). Føremåla er redusert i planvasken. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken. Byggjegrensa er ikkje endra i samsvar med merknad 736 då ønska endring ligg i område som er føreslått som LNF-område og ikkje utbyggingsområde etter planvasken.  

08 Rubbestadneset



Område	Omtale av endringar
08-1 Gnr/bnr 143/8 mfl Vedøy	Det er fritidsbustad og naust i området. Det er ikkje merknadar til byggjegrensa her. Fritidsbustadområdet er redusert i planvasken, men i hovudsak i samsvar med sett byggjegrensa. Byggjegrensa er litt justert i samsvar med planvasken og det er sett byggjegrensa for eksisterande naust.  
08-2 Gnr/bnr 82/81 mfl Ramsosen	Det er spreidd bustad og næring i området. Der er ingen merknadar til byggjegrensa. Føremåla er redusert i planvasken, men areala som er endra låg utanfor byggjegrensa. Byggjegrensa er noko justert for eksisterande næringsbygg.

	 
08-3 Gnr/bnr 83/5 mfl Larsvågen	Det er fire gjeldande reguleringsplanar i området. Ein av disse er føreslått vidareført i planvasken, resten er føreslått oppheva. Noko utbyggingsføremål er redusert i planvasken. Innanfor reguleringsplanen som er føreslått vidareført er det sett byggjegrense og den er derfor ikkje sett i KPA i tillegg. For dei andre reguleringsplanane er byggjegrensa i stor grad sett i samsvar med planane. Merknaden frå Statsforvaltaren om at byggjegrensa ikkje skal gå i sjø er aktuell då den i næringsområde i nord dels er sett ut i sjø. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken og merknaden frå Statsforvaltaren.    

08-4 Gnr/bnr 83/181 mfl Arhaugen	Det er tre gjeldande reguleringsplanar som delvis er i området. Alle tre er føreslått oppheva. Byggjegrense er sett i tråd med reguleringsplanane. Merknaden frå Statsforvaltaren om at byggjegrensa ikkje skal gå i sjø er aktuell då den delvis er sett ut i sjø i naustområdet og ved hurtigbåtkaien. Føremåla er vidare detaljert men i praksis ikkje redusert i planvasken. Byggjegrensa er justert i samsvar med merknaden frå Statsforvaltaren.  
08-5, 6 og 7 Gnr/bnr 83/151 mfl Furuneset	Det er to gjeldande reguleringsplanar som delvis er i området. Begge er føreslått oppheva. Byggjegrense er sett i tråd med reguleringsplanane. Det er komme merknad på byggjegrensa i området (merknad 661). Merknaden frå Statsforvaltaren om at byggjegrensa ikkje skal gå i sjø er aktuell då den delvis er sett ut i sjø. Føremåla er redusert i planvasken. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken, merknaden frå Statsforvaltaren og merknad 661.

	 
08-8 Gnr/bnr 83/701 mfl. Kattahola	Det er to gjeldande reguleringsplanar som delvis er i området. Begge er føreslått vidareført. Byggjegrense er sett i tråd med reguleringsplanane. Føremåla er vidare detaljert men i praksis ikkje redusert i planvasken. Elles er det bustadføremål, småbåthamn og naust i området. Naustføremålet er redusert i planvask, vaska areal ligg utanfor byggjegrensa. Bustadføremålet er utvida etter 1.høyring. Det er komme merknad på byggjegrensa i området (merknad 599, 651 og 701). Det er gjort mindre justering av byggjegrensa etter detaljeringa innanfor gjeldande reguleringsplan. Det er sett byggjegrensa for eksisterande bygg innanfor det nye arealet til bustad. Byggjegrensa er delvis endra etter merknadane slik at eksisterande kai kjem innanfor byggjegrensa (merknad 599 og 651), for flytebrygga (merknad 701) er det ikkje justert då det strider med merknaden frå Statsforvaltaren om at byggjegrensa ikkje kan gå ut i sjø. Byggjegrensa i urørt del av småbåthamna, i nord, er tatt ut då etablering her forutsett ny reguleringsplan og byggjegrensa kan avklarast i reguleringsplanen.

	 
08-9, 10 og 11 Gnr/bnr 82/24 mfl. Søre Stongar-vågen	Det er fem gjeldande reguleringsplanar i området. Ein av disse er føreslått oppheva i planvasken, resten er føreslått vidareført. Føremåla er i hovudsak vidareført. Innanfor ein av reguleringsplanane som er føreslått vidareført er det sett byggjegrense og den er derfor ikkje sett i KPA i tillegg. For dei andre reguleringsplanane er byggjegrensa i stor grad sett i samsvar med planane. Merknaden frå Statsforvaltaren om at byggjegrensa ikkje skal gå i sjø er aktuell då den dels er sett noko ut i sjø. Elles er det naust, bustad og spreidd bustad i området. Naustføremålet er redusert i planvask, vaska areal ligg utanfor byggjegrensa. På vestsida av vågen er det lagt inn byggjegrense for eksisterande bygg, men det er forutsett nærmare avklaring av byggjegrense gjennom utarbeiding av reguleringsplan for vidare utbygging. På austsida av vågen er byggjegrensa justert i samsvar med merknaden frå Statsforvaltaren.

	

09 Innværfjorden



Område	Omtale av endringar
09-1	Området er hovudsakleg avsett til næringsverksemd og småbåthamn. Det ligg ikkje føre merknadar til byggjegrensa i området.

Gbnr. 86/5 m.fl Innvær Nord	Byggjegrense er tatt bort på austsida av brua over Innværfjorden, for å samsvara med gjennomført planvask. Elles er det ikkje vist byggjegrense for næringsområde i nord. Denne må settast i forbindelse med eventuell reguleringsplan.  
09-2 Gbnr. 86/75 m.fl Innvær nord	Området er hovudsakleg avsett til næringsverksemd. Det ligg ikkje føre merknadar til byggjegrensa i området. Byggjegrensa er finjustert for å samsvara med arealføremål i kommuneplanen.
09-3 Gbnr. 86/14 m.fl Innvær	Området er hovudsakleg avsett til bustad, fritidsbygg og naust. Det ligg føre merknadar til byggjegrensa, journalpost 780 og 588. For journalpost 780 er merknaden er ikkje tatt til følgje, då aktuelt areal ligger i ei kløft ned mot sjø. Høgdeforskjellar gjere området ueigna, samt at kløfta og omkringliggande terreng kan ha verdi for interessane byggje og deleforbodssona mot sjø er satt til å ivareta.

	Heller ikkje merknad 588 er teke til følgje. Merknaden ber om at halvøy knytt til gbnr. 86/1 skal få fastsatt byggjegrense. Det aktuelle aarealet er derimot ompdisponert til LNF-areal i forbindelse med gjennomført planvask. Vidare er byggjegrense justert jf. planvask i området.  
09-4 og 5	Området er hovudsakleg avsett til næring, fritidsbygg og bustad.

Gbnr. 86/192 m.fl Ternetangen	Det ligg føre merknadar til byggjegrense i journalpost 557 og 409. Innspill 557 ønsker ei utviding av byggjegrense på gbnr. 86/118. Merknaden er ikkje tatt til følgje, det ønska utbyggingsarealet vil føre til ei ytterlegare nedbygging av strandsona i eit område som framstår som ferdig utbygd, samtidig som at arealet ser ut til å vere naudsynt for tilkomst til eksisterande bygg. Innspill 409 ønsker utviding av byggjegrense i bakkant av etablerte rorbuer. Innspelet er tatt til følgje og byggjegrense er justert. Elles er byggjegrense justert for å samsvara med kystkontur. 
09-6 Gbnr. 109/618 m.fl Brotaneset vest	Området er hovudsakleg avsett til fritidsbygg og bustad. Det ligg føre merknad til byggjegrense i journalpost 682. Merknaden er tatt til følgje og byggjegrense er justert. Elles er byggjegrense justert for å samsvara med gjennomført planvask. 

	
09-7 Gbnr. 109/14 m.fl Brotaneset aust.	Området er avsett til fritids- og turismeføremål, samt fritidsbygg og bustad. Det ligg føre merknad til byggjegrense i område, journalpost 636. Merknaden er ikkje tatt til følgje, området er ytterlegare avgrensa som ein del av planvasken. Elles er byggjegrense justert til å samsvara med gjennomført planvask.  

09-8 Gbnr. 84/83 m.fl. Saltkjelen	Området er avsett til fritids- og turismeføremål, samt naust og bustad. Det ligg føre merknadar til byggjegrensa i området, journalpost 444 og 801. Merknad 444 fremmar ønske om å etablere byggjegrense for ubebygd nausteigedom gbnr. 84/106. Området er avsett til LNF-føremål i planvask. Innspelet tas ikkje til følgje. Vidare ønsker innsendar at gbnr. 84/80 omfattast av byggjegrense. Dette er ein bustadeigedom i LNF-spreidd område. Byggjegrensa er justert for å omfatta eigedomen, som ikkje blei vaska i planvasken. Merknaden er delvis tatt til følgje. Merknad 801 fremmar ønske om at byggjegrense for naustområde på gbnr. 84/6 justerast for å få plass til ytterlegare eit naust. Område vurderast som ferdig utbygd. Merknad blir ikkje tatt til følgje. Elles er byggjegrense justert til å samsvara med gjennomført planvask. 

	
09-9 Gbnr. 84/100 m.fl Mækjarnese t	Området er hovudsakleg avsett til fritids- og turismeføremål og LNF områder. Det er ikkje gjort nokon justeringar på området.
09-10 Gbnr. 84/7	Området er avsett til naust. Det er ikkje gjort nokon justeringar på området.
09-11 Gbnr. 84/5 m.fl Klubben og Midtneset	Området er hovudsakleg avsett til naust og fritidsbebyggelse. Det ligg føre ein merknad i området, journalpost 699. Merknad fremmar ønske om at byggjegrense utvidast rundt eksisterande fritidsbustad på gbnr. 84/30 for å leggje til rette for nye einingar. Det aktuelle områder er vaska, gjennom planvask. Innspelet tas difor ikkje til følgje og byggjegrense innskrenkast til berre å omfatta ekssiterande fritidsbustad. Elles er byggjegrense justert til å samsvara med gjennomført planvask.

	 
09-12 Gbnr. 84/75 m.fl	Området er hovudsakleg avsett til kombinert føremål fritidsbustadar og fritids- og turistføremål, samt naust. Det ligg ikkje føre merknadar i området. Det er ikkje gjort nokon justeringar på området.

09-13 Gbnr. 39/4 m.fl Tangane	Området er hovudsakleg LNF-området, med mindre innslag av naust. Det ligg ikkje føre merknadar i området. Det er ikkje gjort nokon justeringar på området.

10 Folderøyhamn



Område	Omtale av endringar
10-1, 2 og 3 Gnr/bnr 35/50 mfl Foldrøy nord	Det er bustad, naust og tenesteyting i området. Til 1. høyring var det og noko spreidd bustad, men det er tatt ut i planvasken. Det er komme merknadar på byggjegrensa i området (Merknad 619 og 678). Føremåla er noko redusert i planvasken.

	Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken. Byggjegrensa er ikkje justert etter merknad 678 då området er i stor grad urørt og med slikt terreng og storleik at det må utarbeidast reguleringsplan før utbygging, vurdering av tilkomst vil være naturleg del av dette. Byggjegrensa er ikkje justert etter merknad 619, arealet er urørt, byggjegrensa sikrar er eksisterande naust og opnar for tiltak nærmare dette. 
10-4 og 5	Det er tre gjeldande reguleringsplanar i området. Ein av disse er føreslått oppheva i planvasken, resten er føreslått vidareført. Naustføremålet i ein av planane er redusert, elles er føremåla i hovudsak vidareført. Innanfor ein av reguleringsplanane som er føreslått vidareført er det sett byggjegrense og den er derfor ikkje sett i KPA i tillegg. For dei andre reguleringsplanane er byggjegrensa i stor grad sett i samsvar med planane der føremåla er vidareført. Merknaden frå Statsforvaltaren om at byggjegrensa ikkje skal gå i sjø er aktuell då den dels er sett noko ut i sjø. Elles er det tenesteyting, naust, bustad og spreidd bustad i området. Det er komme merknadar på byggjegrensa i området (Merknad 497, 761, 654 og 777) Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken og merknaden frå statsforvaltaren. Byggjegrensa er ikkje endra i samsvar med merknad 497, då ønska endring ligg i område som er føreslått som LNF-område og ikkje utbyggingsområde etter planvasken.

	Byggjegrensa er ikkje endra i samsvar med merknad 761 for naust og tilkomst, då ønska endring ligg i område som er føreslått som LNF-område og ikkje utbyggingsområde etter planvasken, for bustad er den justert. Byggjegrensa er noko justert rundt eksisterande bustad, men er elles ikkje endra i samsvar med merknad 654 og 777, mykje av den ønska endringa ligg i område som er føreslått som LNF-område og ikkje utbyggingsområde etter planvasken  

11 Selsfjorden



Område	Omtale av endringar
11-1 gnr/bnr 91/93 Langøya	Eit naustføremål. Det er ikkje merknad til byggjegrensa her og føremålet er ikkje endra i planvasken. Ingen endring etter 1.høyring. 

12 Steganeset, Urangsvågen



Område	Omtale av endringar
12-1 Gnr/bnr 95/90 mfl. Kræmarstø	Det er fritidsbustad med tilhøyrande småbåtanlegg i området. Det er merknadar til byggjegrensa i området (merknad 519, 618, 647 og 764). Føremåla er noko redusert i planvasken, men areala som er endra låg utanfor byggjegrensa. Byggjegrensa er ikkje endra i samsvar med merknad 519, då arealet er urørt og ligg eksponert til. Byggjegrensa er ikkje endra i samsvar med merknad 618 då ønska endring ligg delvis ut i sjø og delvis i område som er føreslått som LNF-område og ikkje utbyggingsområde etter planvasken. Byggjegrensa er ikkje endra i samsvar med merknad 647 då ønska endring er ut i sjø. Merknad 764 er noko imøtekommen i nord. Elles er byggjegrensa ikkje endra i samsvar med merknaden då ønska endring ligg delvis ut i sjø, delvis i terreng som vil krevje store terrenginngrep og delvis i område som er føreslått som LNF-område og ikkje utbyggingsområde etter planvasken. 
12-2, 3 og 4 Gnr/bnr 95/119 mfl. Steganeset	Det er tre gjeldande reguleringsplanar i området. Alle er føreslått oppheva i planvasken og utbyggingsføremåla er redusert i planvasken. Byggjegrensa var i stor grad sett i samsvar med planane. Det er merknadar til byggjegrensa i området (merknad 551 og 615). Merknaden frå Statsforvaltaren om at byggjegrensa ikkje skal gå i sjø er aktuell då den dels er sett ut i sjø. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken og merknaden til statsforvaltaren. Byggjegrensa er justert i samsvar med merknad 551. Byggjegrensa er ikkje endra som ønska i merknad 615, då arealet er føreslått endra i planvasken.

	 
12-5 og 6 Gnr/bnr 94/230 mfl. Simonsvika – Djupedal-stangen	Det er ein gjeldande reguleringsplan i området. Denne er føreslått oppheva i planvasken og utbyggingsføremåla er redusert i planvasken. Byggjegrensa var i stor grad sett i samsvar med planen. Elles er det fritidsbustad og småbåtanlegg i området. Merknaden frå Statsforvaltaren om at byggjegrensa ikkje skal gå i sjø er aktuell då den dels er sett ut i sjø i reguleringsplanen. Føremåla til sjø er redusert i planvasken. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken og merknaden frå statsforvaltaren.

	 
12-7 og 8 Gnr/bnr 94/185 mfl. Raugurds-sundet	Det er to gjeldande reguleringsplanar i området. Begge er føreslått vidareført i planvasken. Innanfor den eine reguleringsplanen er det sett byggjegrense og den er derfor ikkje sett i KPA i tillegg. For den andre planen vart byggjegrensa i stor grad sett i samsvar med planen. Elles er det bustad, teknisk anlegg og fritidsbustad med tilhøyrande småbåtanlegg i området. Det er merknad til byggjegrensa i området (merknad 782). Føremåla er redusert i planvasken. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken. Byggjegrensa er noko justert etter merknad 782, men ikkje heilt som ønska grunna terrenget.  

12-9 Gnr/bnr 91/110 Urangs- vågen	Det er ein gjeldande reguleringsplan i området. Denne er føreslått oppheva i planvasken, men utbyggingsføremåla er vidareført. Byggjegrensa var i stor grad sett i samsvar med planen. Elles er det bustad, småbåtanlegg og kombinert bustad/næring/naust i området. Det er merknad til byggjegrensa i området (merknad 471). Merknaden frå Statsforvaltaren om at byggjegrensa ikkje skal gå i sjø er aktuell då den dels er sett ut i sjø. Nokre føremål er redusert i planvasken. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken og merknaden frå statsforvaltaren. Byggjegrensa er justert etter merknad 471 på land, men ikkje ut i sjø. 
12-10 Gnr/bnr 93/8 Urangsætre	Det er naustføremål i området. Det er ikkje merknadar til byggjegrensa i området. Føremåla er redusert i planvasken, men areala som er endra låg utanfor byggjegrensa. Byggjegrensa er ikkje endra. 

13 Sæverudsøya, Klovøya, Straumen



Område	Omtale av endringar
13-1 Gbnr. 98/156 Sæverudsøya Nord	Området er hovudsakleg avsett til LNF og LNF-spreidd områder. Det ligg ikkje føre merknadar for området. Byggjegrensa er endra til å samsvara med planvask.

	 
13-2,3 og 4 Gbnr. 98/6 m. fl Sæverudsøya	Området er hovudsakleg avsett til LNF-spreidd, naust og fritidsbustad. Det ligg ikkje føre merknadar til byggjegrensa i området. Byggjegrensa er endra til å samsvara med planvask.

	 
13-5 Gbnr. 98/2	Består utelukkande av LNF-føremål etter gjennomført planvask, ingen byggjegrense i området.
13-6 Gbnr. 98/4 Kastet	Området er avsett til to områder for fritidsbustadar. Det ligg føre ein merknad til saka, gitt i journalpost 547. I merknaden ber ein om at byggjegrensen også skal omfatta flytebryggjer i sjø. Slike byggjegrenser kan derimot ikkje gå ut i sjø. Endringa lar seg difor ikkje gjera. Byggjegrense er justert for å betre følgje kystkonturen. Byggjegrensa er elles justert jf. gjennomført planvask.  
13-7	Området er avsett til fritidsbebyggelse og næring.

Gbnr. 94/317 Kastetstraumen	Det ligg ikkje føre merknadar til byggjegrensa i området. Det er gjort mindre justering av byggjegrense der den tidlegare gjekk ut i sjø.
13-8 Gbnr. 94/362 m.fl. Hyttefelt Straumen Nord	Området er hovudsakleg avsett til fritidsbebyggelse i kommuneplan. Det ligg føre ein merknad til området, gitt i journalpost 536. Innsender ser at byggjegrense går tvers igjennom sitt bygg på gbnr. 94/360 og ber om at grense justerast. Ein har forståing for at det kan oppfattast slik, men byggjegrensa går ikkje gjennom bygget, som er omfatta av byggjegrensa. Byggjegrensa er elles justert jf. gjennomført planvask. 
13-9 Gbnr. 94/253 m.fl Hyttefelt Straumen sør	Området er hovudsakleg avsett til fritidsbygg i kommuneplan. Det ligg ikkje føre merknadar til byggjegrensa. Det er gjennomført mindre justeringar på byggjegrense jf. planvask, samt justeringar der byggjegrense gjekk ut i sjø.





14 Rogøy, Samnungsøy, Hillesøy, Sogøya mm.



Det er ingen utbyggingsføremål i området.

15 Økland, Brekke



Område	Omtale av endringar
15-1 Gnr/bnr 98/15 mfl. Sjøvoll-bogen	Område består av to naustområde. Det er komme merknad på byggjegrensa til naustområde i vest (merknad 549). I planvasken er det teke ut eit naustområde, som no er endra til LNF-føremål og FFNF. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken. Merknad 549 er imøtekommen, då det berre var ein mindre justering i sør.

	 
15-2 Gnr/bnr 98/62 Øyjords-sjøen	Område er sett av til naust, småbåtanlegg, fritidsbustad og LNF-spreidd. Det er ikkje merknader til område. Føremåla er redusert i planvasken. Byggjegrensa er justert i tråd med planvasken.  
15-3 Gnr/bnr 99/61 Brekke-sjøen	Område er sett av til naust, småbåtanlegg og fritidsbustad. Det er ein gjeldande reguleringsplan i området. Innanfor reguleringsplanen er sett byggjegrense og den er derfor ikkje sett i KPA i tillegg. Det er ikkje merknadar for området. Naustføremålet er redusert i planvasken, men areala som er endra låg utanfor byggjegrensa.

	Byggjegrensa er ikkje endra. For naustområde i vest er det forutsett nærmare avklaring av byggjegrense gjennom utarbeiding av reguleringsplan.  
15-4, 15-5 og 15-6 Gnr/bnr 100/21 Øklands-vågen	Område er sett av til naust, næring og bustad. Det er ein gjeldande reguleringsplan for store delar av området. Den delen som er regulert til naustområde er anbefalt oppheva, og er vidare i KPA endra til LNF-føremål med unntak av eksisterande bygningar. Det er sett byggjegrense for eksisterande bygningar i naustområde. I reguleringsplanen er det sett byggjegrense og den er derfor ikkje sett i KPA i tillegg. Det har kome merknad til byggjegrensa for naustområdet i reguleringsplanen (merknad 485). Merknaden er delvis teken til følgje ved at det er fastsett byggjegrense for bygningen og dei tilhøyrande areala på land. Merknaden til byggjegrensa omfattar også delar som strekkjer seg ut i sjø og inn i FFNF-område i sjø. For desse areala er det ikkje sett byggjegrense.  

16 Meling, Øvrenese



Område	Omtale av endringar
16-1 Gnr/bnr 103/29 Skipavik	I område er det føremål for naust, fritidsbustad, spreidd-bustad, og VA. Det er ikkje merknader til byggjegrensa. Byggjegrensa er justert i tråd med planvasken og kystkonturen.

	
16-2 Gnr/bnr 103/101 Tussa-sundet	Område består av eit spreidd-bustadområde. Det er ikkje merknader til byggjegrensa i område. 
16-3 og 16-4 Gnr/bnr 103/59 Vestre Vågen	Område består av føremåla småbåthamn og bustad, i tillegg til ein reguleringsplan for store delar av vågen med føremål for naust og fritidsbustad. Det er merknad til byggjegrensa i den delen av naustområde som ikkje er regulert (merknad 470). Byggjegrensa er ikkje teke inn, då område er føreslått til LNF-føremål. Byggjegrensa er elles justert i tråd med planvasken. For område som inngår i reguleringsplan er det ikkje sett byggjegrense i KPA, då det byggjegrense i reguleringsplanen.

	 
16-5 Gnr/bnr 102/78 Karihavet	Område består av føremåla bustad, spreidd-bustad og naust. Det er kome merknad til byggjegrensa for naustområde (merknad 402). Det er sett byggjegrense for eksisterande bygg. For resten av naustområde er det forutsett nærmare avklaring av byggjegrense gjennom utarbeiding av reguleringsplan. Byggjegrensa er elles juster i forhold til planvasken.  
16-6 Gnr/bnr 101/207 Ulvsvåg	Område består av to reguleringsplanar, der reguleringsplanen lengst nord er anbefalt oppheva. Det er ikkje kome merknader til byggjegrensa i område. Reguleringsplanen lengst sør har byggjegrense i plan, og det er såleis ikkje sett byggjegrense i KPA. Elles er byggjegrensa justert i tråd med planvasken.

	 
16-7 Gnr/bnr 101/172 Stranda- vegen	Område består av reguleringsplanar og føremål som bustad, naust, fritidsbustad og LNF-spreidd. Det er kome merknad til byggjegrensa for bustadområde kring Strandavegen (merknad 449). For dette område er det utarbeida ein reguleringsplan med byggjegrenser. Det vert difor ikkje sett byggjegrense i KPA. Det same gjeld for dei andre reguleringsplanane i området. Byggjegrensa er elles justert i tråd med planvasken for område.  
16-8 Gnr/bnr 101/136	Område består av føremåla bustad, LNF-spreidd og naust. Det er kome merknad til byggjegrensa til naustområde lengst vest. Byggjegrensa er justert i tråd med kai/planert område, men er ikkje trekt ut i sjø (merknad 515).

Melings-vegen	Byggjegrensa er elles juster i tråd med planvasken. 
16-9 Gnr/bnr 101/143 Vinsen	Område består av føremåla bustad, kombinert (bustad/utleige) og naust. Det er kome merknad til byggjegrensa både for bustadområde og naustområde. Det er pågåande reguleringsplanar for begge områda, byggjegrensa vert difor teke ut i KPA og vil bli vurdert nærare i det pågåande planarbeidet. (Merknad 475, 510, 509, 635, 812) Byggjegrensa er elles juster i tråd med planvasken og merknad frå Statsforvaltar.

	
16-10 Gnr/bnr 101/36 Melings-garden	Område består av føremålet bustad og ein reguleringsplan for bustad. Det er ikkje sett byggjegrense for område som inngår i reguleringsplan, då reguleringsplanen har byggjegrense. Det er ikkje kome merknader til byggjegrensa. Byggjegrensa er elles justert i tråd med planvasken.



17 Mehus, Hallaråker



Område	Omtale av endringar
17-1 Gnr/bnr 104/42 Sønstadbø	Område består av føremåla naust, fritidsbustad, bustad og LNF-spreidd. Det er kome merknad til byggjegrensa for fritidsbustadområde og delar av LNF-spreidd og bustadområde (merknad 520 (jp. 492,521,607)). Merknaden til byggjegrensa er delvis endra i tråd med ønska byggjegrense for område – det er gjort der det er i tråd med planvasken.

	
17-2 Gnr/bnr 106/31 Sønstabø-vågen	Område består av føremåla naust, LNF-spreidd og bustad, i tillegg til ein reguleringsplan. Det er merknad til byggjegrensa i LNF-spreidd område (merknad 771) og i det nordlegaste naustområde (merknad 582). Ynskja byggjegrense i LNF-spreiddområde er forslått i eit område som er endra til LNF-føremål i planvasken. Ein tek såleis ikkje inn ønska byggjegrense for dette område. Kva gjeld merknaden til byggjegrensa i naustområde er den justert litt i front av naustet i tråd med merknad. Mens arealet nord fornaustet er skrenka inn grunna merknad frå Statsforvaltar. Også elles i område er byggjegrensa trekt inn til kystkonturen/areal på land for å i møte kome merknad frå Statsforvaltaren. For område som inngår i reguleringsplan er byggjegrensa delvis sletta, då reguleringsplanen har byggjegrense.

	 
17-3 Gnr/bnr 105/12 Sekk	Område består av fleire fritidsbustadområde, tre som grensar til sjø og eit som er trekt lengre opp på land. Det er 3 merknader til byggjegrensa for fritidsbustadområde i søraust. Byggjegrensa er justert i bakkant, men ikkje i framkant av fritidsbustadane. (Merknad 589 – Justert i tråd med ønska byggjegrense i bakkant, Merknad 785 – justert i tråd med merknad, Merknad 805 – justert litt i tråd med merknad, men ikkje trekt mot nord.) Fritidsbustadområde på vestsida har fått plankrav istedenfor byggjegrense, ein står framleis med same vurdering. Område vil ikkje få eit plankrav i kartet slik som ved 1.gong høyring av KPA. Men det at det ikkje er sett ei byggjegrense for område, indikere at ei vidare utvikling av område må skje gjennom regulering (Merknad 650).  
17-4 Storhaug-vegen	Område består av eitt bustadområde, fire naustføremål og eitt fritidsbustadføremål. Reguleringsplan for bustadområde og 3 av naustområda (R-83) er forslått oppheva.

Gnr/bnr 107/83	Det er kome merknad til byggjegrensa i bustadområde (merknad 584), som strekker seg inn LNF-føremålet. Byggjegrensa er juster litt i tråd merknaden, men store delar av område er LNF-føremål, og det er såleis ikkje teke inn ønska byggjegrense der. Byggjegrensa for naustområda er redusert til å gjelde eksisterande naust med tilhøyrande kai. For resten av områda bør det vidare utviklast gjennom regulering, ettersom reguleringsplanen no er foreslått oppheva. 
17-5 Sørgards-vika Gnr/bnr 107/37	Område består av føremåla LNF-spreidd, naust, fritidsbustad, hamn og bustad. Byggjegrensa er justert i tråd med planvasken og kystkonturen. Det er kome fleire merknader til byggegrensa i område (Merknader 625, 493, 493, 768, 768). Delar av byggegrensa er justert, men store delar av ønska byggjegrense er føreslått i områder som no er endra til LNF-føremål i planvasken. Ved ei eventuell vidare utvikling av det nordlegaste naustområde bør det skje gjennom eit reguleringsplan arbeid.

	

18 Svortland



Område	Omtale av endringar
18-1 Gnr/bnr 108/160 mfl Stavlands-neset	Det er seks reguleringsplanar i området, to av dei er føreslått oppheva, resten vidareført i planvasken. Innanfor reguleringsplanane som er føreslått vidareført er det sett byggjegrense og den er derfor ikkje sett i KPA i tillegg. For dei andre reguleringsplanane vart byggjegrensa i stor grad sett i samsvar med planane. Føremåla i reguleringsplanane er i hovudsak vidareført i planvasken med nokre mindre justeringar. Utanfor reguleringsplanane er det noko bustadføremål.

	Det er merknadar til byggjegrensa i området (Merknad 518, 499, 523). Merknaden frå Statsforvaltaren om at byggjegrensa ikkje skal gå i sjø er aktuell då den ved naustområdet i sørvest dels er sett ut i sjø. Byggjegrense er justert i samsvar med planvasken og merknad frå statsforvaltaren. Byggjegrensa er justert i samsvar med merknad 518, endringa sikrar eksisterande utbygging. Byggjegrensa er ikkje endra etter merknad 499, då ønska endring er ut i sjø. Byggjegrensa er ikkje endra etter merknad 523, arealet er ikkje sett av til utbygging og er i sjø.

	 
18-2 Gnr/bnr 109/688 mfl Svortlands-vågen	Det er tre reguleringsplanar i området, to av dei er føreslått oppheva, den siste er vidareført i planvasken. Innanfor reguleringsplanen som er føreslått vidareført er det sett byggjegrense og den er derfor ikkje sett i KPA i tillegg. For dei andre reguleringsplanane vart byggjegrensa i stor grad sett i samsvar med planane. Det er redusert bustadføremål og naustføremål i planvasken. Det er merknadar til byggjegrensa i området (Merknad 600). Merknaden frå Statsforvaltaren om at byggjegrensa ikkje skal gå i sjø er aktuell då den ved naustområdet dels er sett ut i sjø.

	Byggjegrense er justert i samsvar med planvasken og merknad frå statsforvaltaren. Byggjegrensa er ikkje endra etter merknad 600, delar av ønska endring er ut i sjø, og del er for eit større urørt areal som forutsett utarbeiding av reguleringsplan. 
18-3 og 4 Gnr/bnr 109/298 mfl Tverråvika	Det er to reguleringsplanar i området, ein er føreslått oppheva, den andre er vidareført i planvasken. Byggjegrensa vart i stor grad sett i samsvar med planane. Det er redusert naustføremål i planvasken. Det er merknadar til byggjegrensa i området (Merknad 696, 700 og 663). Merknaden frå Statsforvaltaren om at byggjegrensa ikkje skal gå i sjø er aktuell då den ved naustområdet dels er sett ut i sjø. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken og merknaden frå statsforvaltaren. Byggjegrensa er ikkje endra etter merknad 696, då det var ønske om endring for bustad, men byggjegrensa ligg i føremålsgrensa og utviding vil komme inn i tilgrensande naustområde som har eiga byggjegrense. Byggjegrensa er endra i samsvar med merknad 700. Byggjegrensa er noko justert etter merknad 663, revidert byggjegrense sikrar eksisterande kai, og mogleggjer noko bygging, men ikkje på alt arealet eller i sjø.



19 Alvsvåg, Stokkneset



Område	Omtale av endringar
19-1 Gnr/bnr 110/6 Gangstøvika	Det er naustføremål i området. Det er merknad til byggjegrensa i området (merknad 554 og 679). Føremålet er redusert i planvasken, men endra føremål var utanfor sett byggjegrense. Byggjegrensa er noko justert etter merknad 554 og 679, men justert for endra areal etter planvasken og ikkje ut i sjø.

	 
19-2, 3 og 4 Gnr/bnr 110/18 mfl. Stokkneset	Det er to reguleringsplanar i området. Ein føreslått oppheva i planvasken, den andre vidareført. Innanfor reguleringsplanen som er føreslått vidareført er det sett byggjegrense og den er derfor ikkje sett i KPA i tillegg. For den andre reguleringsplanen vart byggjegrensa i stor grad sett i samsvar med planen. Elles er det bustad, naust, fritidsbustad og småbåtanlegg i området. Det er merknadar til byggjegrensa i området (Merknad 814, 760, 763, 776, 779, 784, 788 og 781) Føremåla er redusert i planvasken, men endra føremål var utanfor sett byggjegrense. Det er lagt inn byggjegrense for eksisterande bygg etter merknadane 814, 760, 763, 776, 779, 784 og 788, men vidare utbygging forutsett reguleringsplan. Byggjegrensa er noko justert etter merknad 781, ikkje som ønska då eigedommen ligg heilt nede til sjø og det er ønskeleg å sikre at eventuelle nye tiltak kjem tett opp til, eller i bakkant av eksisterande bygg.

	 
19-5, 6 og 7 Gnr/bnr 110/250 mfl Langøya-Alvsvåg	Det er tre reguleringsplanar i området. Dei er føreslått vidareført i planvasken. Innanfor reguleringsplanane er det sett byggjegrense og den er derfor ikkje sett i KPA i tillegg. Elles er det bustad, naust, fritidsbustad, småbåtanlegg og kombinert forretning/næring i området. Det er merknadar til byggjegrensa i området (Merknad 415, 496, 487, 563, 468, 628, 548, 604, 795 og 488) Føremåla er redusert i planvasken, men endra føremål var utanfor sett byggjegrense. Byggjegrensa er noko justert etter merknad 415. Byggjegrensa er ikkje endra etter merknadane 496, 487 og 563, då ønska endring er ut i sjø. Byggjegrensa er ikkje endra etter merknad 468, området er eit naturleg belte mot vegen og sjøen. Byggjegrensa her opnar allereie for vidare utbygging. Det er gjort mindre justeringar av byggjegrensa etter merknad 604. Byggjegrensa er ikkje endra etter merknadane 548, 628 og 795, då ønska endring er for areal som er føreslått til LNF og ikkje utbyggingsføremål i planvasken. Byggjegrensa er ikkje endra etter merknad 488, då vidare utbygging forutsett utarbeiding av ny reguleringsplan.

	
19-8 og 9 Gnr/bnr 110/38 mfl Pøylo-Alvsvåg	Det er bustad, naust, fritidsbustad, småbåtanlegg, næring, spreidd bustad og kombinert forretning/næring. Det er merknadar til byggjegrensa i området (Merknad 624, 655 og 691). Føremåla er redusert i planvasken. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken. Byggjegrensa er justert noko etter merknadane 624, 655 og 691, slik at den følger eksisterande fylling framfor dei eksisterande nausta, men ikkje opnar for ny bygging på sida av eksisterande eller ut i sjø.





20 Stora og Litla Hiskjo



Område	Omtale av endringar
20-1 Gnr/bnr 130/7 mfl. Tuvesunds-holmen	Det er ein gjeldande reguleringsplanar i området. Den er føreslått vidareført i planvasken. Innanfor reguleringsplanen er det sett byggjegrense og den er derfor ikkje sett i KPA i tillegg. Elles er det naustføremål og næring(kystfiske) i området. Det er komme merknad på byggjegrensa i området (merknad 514, 524 og 525). Merknaden frå Statsforvaltaren om at byggjegrensa ikkje skal gå i sjø er aktuell då den dels er sett ut i sjø. Byggjegrensa er justert i samsvar med merknaden frå statsforvaltaren. Byggjegrensa er noko justert etter merknadane 514, 524 og 525.

	 
20-2 og 3 Gnr/bnr 131/58 mfl. Lambholet til Søre Gardvika	Det er naust, fritidsbustad og spreidd bustad i området. Det er ikkje merknadar til byggjegrensa i området, men fleire føremål er redusert i planvasken. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken.  
20-4 og 5 Gnr/bnr 131/19 Hiskahamn	Det er to gjeldande reguleringsplanar i området. Begge reguleringsplanane er føreslått vidareført. Innanfor reguleringsplanane er det sett byggjegrense og den er derfor ikkje sett i KPA i tillegg. Elles er det føremål for kulturhistorisk, naust, tenesteyting, fritidsbustad, spreidd bustad og kombinert bustad/næring/naust i området.

	Det er komme merknadar på byggjegrensa i området (merknad 407, 425, 466, 472, 567, 581, 590 og 770). Fleire av føremåla er redusert i planvasken. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken. Byggjegrensa er endra i samsvar med ønska justeringar i merknad 425. Byggjegrensa er noko justert etter merknad 567, 581. Byggjegrensa er ikkje justert etter merknad 770, endringa er dels ut i sjø og området ligg eksponert til. Byggjegrensa er ikkje justert etter merknad 407, 466, 472, 590, då endringa gjeld areal som er føreslått som LNF og ikkje utbyggingsføremål.  

21 Buhamrane, Fylkesneset



Område	Omtale av endringar
21-1 Gbnr. 111/16 m.fl Pøyla	Området er satt av til bustad og naust i kommuneplanen. Det ligg ikkje føre merknadar til byggjegrensa i området. Det er gjort mindre justeringar på byggjegrensa for at den skal samsvara med gjennomført planvask.
21-2 Gbnr. 112/27 Mælandsvågen	Området er avsett til bustad, naus, næring samt gravplass. Det ligg føre ein merknad til byggjegrensa i området gitt i journalpost 556. Innsendar ønsker at byggjegrense på gbnr. 112/115 justerast. Der den i dag går gjennom eigedomen, ønsker innsender at den skal gå i eigedomsgrense for å bevara utviklingspotensialet for eigedomen. I det

	aktuelle området er byggjegrensene bearbeida til å samsvara med eksisterande bygg. Videre eventuell utbygging ut over byggjegrenser bør baserast på reguleringsplan, merknaden er difor ikkje tatt til følgje. Byggjegrensa er elles justert for å samsvara med gjennomført planvask, samt kystkontur. Den er også justert for å samsvara med endring av avsett leikeareal til bustad på gbnr. 112/59. 

	
21-3 Gbnr. 113/41 Møllevågen	Området er avsett til bustad i gjeldande kommuneplan. Det ligg ikkje føre merknadar til byggjegrensa i området. Det er gjennomført nokon mindre justeringar for at byggjegrense skal samsvara med gjennomført planvask.
21-4 Gbnr. 113/131 m.fl Fylkesneset	Området er avsett til bustad, naust og næring. Det ligg føre ein merknad til byggjegrensa gitt i journalpost 798. Merknaden gjelder gbnr. 113/131, der ein meiner at næringsområde skal utvidast og at byggjegrensa bør følgje den nye avgrensinga for området. På bakgrunn av merknaden er næringsområdet utvida, byggjegrense er tilpassa denne endringa. Merknaden er i så måte tatt til følgje. Byggjegrensa er elles justert for å samsvara med kystkontur og gjennomført planvask.

	 
21-5 Gbnr 113/17 m.fl Vestre Storavika	Området er avsett til fritidsbygg og naust. Det ligg ikkje føre merknadar til byggjegrensa i området. Byggjegrensa er justert til å samsvara med kystkontur, samt gjennomført planvask.



22 Gilje, Kattanakken, Stautland



Område	Omtale av endringar
22-1 og 2 Gbnr. 113/61 Korsnes og Skipavik	Området er hovudsakleg avsett til LNF, med innslag av spreidd bustad, naust og fritidsbygg. Det ligg ikkje føre merknadar til byggjegrensa. Byggjegrensa er justert for å samsvara med arealføremål etter gjennomført planvask.

	 
22-3 Gbnr. 114/13 m.fl Gilje	Området er avsett til bustad, naust og kystfiske. Det ligg ikkje føre merknadar til byggjegrensa i området. Byggjegrensa er justert for å samsvara med
22-4 Gbnr. 115/50 m.fl Kattanakke n	Området er avsett til spreidd bustad, næring og naust. Det ligg ikkje føre merknadar til byggjegrensa i området. Det er gjort mindre justeringar på byggjegrensa for å samsvara med arealføremål etter gjennomført planvask.
22-5 Gbnr. 115/45 Notatangsvi ka	Området er avsett til spreidd bustad, naust, fritidsbustad og næring. Det ligg ikkje føre merknadar til byggjegrensa i området. Byggjegrensa er justert for å samsvara med arealføremål etter gjennomført planvask.

	 
22-6 Gbnr 117/32 Flatevik	Området består av eit naustområde, som inngår i reguleringsplan, der byggjegrense er satt.
22-7 Gbnr. 118/15 Gjerdavåge n	Området er avsett til naust og næring i kommuneplanen. Det ligg føre ein merknad til byggjegrensa i området, gitt i journalpost 511. Innsendar påpeiker at byggjegrense ser ut til å mangle for ei nausttomt, lengs sør på gbnr. 117/1. Det aktuelle området er vurdert i gjennomført planvask, der området er tilbakeført til LNF-område. Basert på denne vurderinga er det ikkje aktuelt med byggjegrense i området. Merknaden er difor ikkje tatt til følgje. Det er elles gjort mindre justeringar på byggjegrensa slik at den samsvarar med kystkontur og gjennomført planvask. Det er også lagt til ny byggjegrense på gbnr. 119/22, der ein har utvida eit naustområde.

	
22-8 Gbnr. 119/26 Naustvika	Området er hovudsakleg avsett til fritidsbustader. Det ligg ikkje føre merknadar til byggjegrensa i området. Byggjegrenser er justert for å samsvara med arealføremål etter gjennomført planvask, samt kystkontur. 

		

23 Finnås, Grønevik, Ytra Håvik, Tungeneset



Område	Omtale av endringar
23-1 Gbnr. 6/9 Åreidbukta	Området er avsett til naust, næring og fritidsbustader i kommuneplan. Det ligg ikkje føre merknadar til byggjegrensa i området. Byggjegrensa er justert for å samsvara med arealføremål etter gjennomført planvask.

	
23-2 Gbnr. 6/6 m.fl Solberg	Området er avsett til hovudsakleg spreidd bustad, bustad og fritidsbustad. Det ligg føre to merknadar til byggjegrensa i området, gitt i journalpost 553 og 762. Merknad 553 er eit ønske om å utvida byggjegrense ut over gbnr. 6/50. Dette er avsette LNF-areal, som ikkje skal byggast ut. Innspelet tas difor ikkje til følgje. Merknad 762 handlar om å utvide avsett byggjegrense rundt bygg på gbnr. 6/4, då bygga har eit omfattande renoveringsbehov. Bygga ligg i LNF-spreidd, tett på LNF-området. Eit renoveringsbehov er eit behov for ivaretakelse av eksisterande bygg med dagens fotavtrykk. Ein ser ikkje naudsynte behov for vidare utviding og difor tilrettelegging for

	nedbygging av ytterlegare areal. Merknaden er difor ikkje tatt til følgje, noko som ville innebært byggjegrenser i reint LNF-område. Byggjegrensa er elles justert for å samsvara med arealføremål etter gjennomført planvask, samt kystkontur.  
23-3 Gbnr. 8/16 m.fl	Består hovudsakleg av lnf-områder, med to mindre områder for fritidsbustad. Det ligg føre ein merknad til byggjegrensa i området, gitt i journalpost 552. Merknaden ber om ein generell og omfattande byggjegrense på ein LNF-eigedom. Merknaden er ikkje tatt til følgje, det vert ikkje sett byggjegrense i LNF-føremål, med mindre det finnes særskild grunnlag for dette. Det er elles ikkje behov for justering av byggjegrensa.
23-4 Gbnr. 8/26 m.fl Klubben	Området består av nokre felt avsett til spreidd bustad og naust. Det ligg ikkje føre merknadar til byggjegrensa i området.

	Byggjegrensa er justert for å samsvara med arealføremål etter gjennomført planvask.  
23-5 Gbnr. 8/29 m. fl Håvikvika	Området er avsett til spreidd bustad og naust. Det ligg ikkje føre merknadar til byggjegrensa i området. Det er ikkje behov for justeringar av byggjegrensa.
23-6 og 7 Gbnr. 8/2 m. fl	Området består hovudsakleg av eit bustadområde, samt områder for naust og fritidsbustader. Det ligg ikkje føre merknadar til byggjegrensa i området.

Vestre Vågen	Det er ikkje behov for justeringar av byggjegrensa. Store deler av areala inngår i reguleringsplan, der byggjegrense er angitt.

24 Indre Håvik, Røyksund nord, Siggjarvågen



Område	Omtale av endringar
24-1 Holevika Gnr/bnr 26/5	Område består av eit næringsområde på land og eit AK-område i sjø. Det er ikkje kome merknader til byggjegrensa i næringsområde.

	
24-2 og 24-3 Siggjarvåg Gnr/bnr 30/8	Område består av to store bustadføremål, tre naustføremål og ei hamn. Det er kom merknader til byggjegrensa på begge sider av vågen. For bustadføremålet på austsida er byggjegrensa noko justert i tråd med merknad, men meste parten av arealet som det er ønska byggjegrense for er endra til LNF i planvasken (merknad 641) På vestsida er det to merknader til byggjegrensa i naustområde. Naustområde må sjåast i ein heilheit, der er såleis berre sett byggjegrense for eksisterande naust med tilhøyrande kai. Resten av naustføremålet må gjennom ein reguleringsplanprosess for vidare utvikling. (merknad 537, 673, 454, 455) Byggjegrensa er elles justert i tråd med planvasken. 
24-5 Stokkavika	Område består av eit næringsområde på land og eit AK-område i sjø. Det er ikkje kome merknader til byggjegrensa i næringsområde.

Gnr/bnr 29/34	Det er ikkje gjort endringar i byggjegrensa etter 1. gangshøyring.
24-5 Søra Klungervika Gnr/bnr 9/91	Område er sett av til AK-føremål både på land og i sjø. Det er ikkje kome merknader til byggjegrensa i område. Byggjegrensa er justert i tråd med planvasken og kystkonturen. 
24-6 Kjøttvika Gnr/bnr 27/18	Område inngår i reguleringsplan R-60. Planen er anbefalt vidareført. Det er kome ei merknad til byggjegrensa i fritidsbustadområde (merknad 539). Byggjegrensa er justert i tråd med planvasken, kystkonturen og kaiar. Byggjegrensa er trekt noko lengre vest i bakkant av fritidsbustadane enn til 1. gongshøyring. Men ønska byggjegrense er likevell ikkje justert i sin heilheit, pga. planvasken. 

24-7 Indre Røyksund Gnr/bnr 27/10	Området består av føremåla bustad og naust. Det er ikkje kome merknader til byggjegrensa. Byggjegrensa er justert i tråd med planvasken, kystkonturen og kaiar.  
24-8 Ytre Røyksund Gnr/bnr 28/61	Område består av eit bustadføremål og eit nausføremål. Det er ikkje kome merknad til byggjegrensa, men den er justert i tråd med planvasken. For naustområde er byggegrensa vidareført for eksisterande naust med tilhøyrande naust. Dersom område skal vidareutviklast med naust, må det skje gjennom regulering.  
24-9 Høvringe-vika Gnr/bnr 28/122	Det er fleire naustføremål, eitt bustadføremålområde og eitt fritidsbustadføremål. Meste parten av område inngår og i reguleringsplan R-91. Det er kome ein merknad til byggegrensa i naustområde i nord (Merknad 533). Byggjegrensa er ikkje justert i tråd med merknad, då område er føreslått endra til LNF i planvasken. For naustområde i sør, er byggjegrensa juster til å berre gjelde for eksisterande naust med tilhøyrande kai. Dersom område skal vidare utviklast med naust, må det skje gjennom regulering. Byggjegrensa er elles justert i tråd med planvasken, kystkontur og kaiar.

	 
24-10 Kallevik-vegen Gnr/bnr 9/112	Område består av føremåla LNF-spreidd, naust, fritid – og turisme, kombinert kystfiske/bustad og næring – kystfiske. Det er kome ein merknad til byggjegrensa i det nordlegast naustføremålet (merknad 797). Område har fått plankrav istedenfor byggjegrense, ein står framleis med same vurdering. Område vil ikkje få eit plankrav i kartet slik som ved 1.gongshøyring av KPA. Men det at det ikkje er sett ei byggjegrense for område, indikere at ei vidare utvikling av område må skje gjennom regulering Byggjegrena i det sørelege naustføremålet er byggjegrensa justert til å gjelde for eksisterande naust med tilhøyrande kai. For dei to nye føremåla (fritidsføremål og bustadføremål) i sør, er det sett byggegrensa for eksisterande tiltak. Vidare er byggjegrensa i justert i tråd med planvasken, kystonturen og kaiar.

	 
24-11og 24-12	Område består av fleire naustføremål, LNF-spreidd, bustad og kombinert. Delar av område inngår i R-42. Det er ikkje kome merknader til byggjegrensa. Fleire av føremåla på vestsida av vågen må inngå i reguleringsplan før ei evt. vidare utvikling, det er difor ikkje sett byggjegrense. Byggjegrensa er elles justert i tråd med planvasken, kystkonturen og kai.  

25 Røyksund sør, Eikeland



Område	Omtale av endringar
25-1, 2 og 3 Gnr/bnr 11/150 mfl. Leirpollen, Røyksund	Det er ein gjeldande reguleringsplanar i området. Denne er føreslått vidareført. Innanfor reguleringsplanen er det sett byggjegrense og den er derfor ikkje sett i KPA i tillegg. Elles er det føremål for kulturhistorisk, naust, fritidsbustad, bustad og småbåtanlegg i området. Det er komme merknad på byggjegrensa i området (Merknad 652). Fleire føremål er redusert i planvasken. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken. Byggjegrensa er ikkje endra etter merknad 652 då arealet er ut i sjø.

	 
25-4 og 5 Gnr/bnr 10/18 mfl. Onglavika	Det er ein gjeldande reguleringsplanar i området. Denne er føreslått oppheva og utbyggingsføremåla er redusert i planvasken. Elles er det føremål for naust og bustad i området. Føremåla er redusert i planvasken. Det er og lagt inn eit nytt føremål for næring-kystfiske i området. Det er komme merknad på byggjegrensa i området (merknad 645). Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken og ein ny godkjent bustad.

	For naustområda i sør er byggjegrensa endra til å gjelde eksisterande bygg, vidare utbygging av disse areala og det nye næringsføremålet forutsett ny reguleringsplan. Byggjegrensa er ikkje endra etter merknad 645 då ønska endring er ut i sjø.  
25-6 og 8 Gnr/bnr 11/140 mfl. Naust-bakken	Det er ein gjeldande reguleringsplanar i området. Denne er føreslått vidareført i planvasken. Innanfor reguleringsplanen er det sett byggjegrense og den er derfor ikkje sett i KPA i tillegg. Elles er det bustad, fritidsbustad, naust, småbåtanlegg og småbåthamn i området. Fleire føremål er redusert i planvasken, men endra føremål var utanfor sett byggjegrense. Det er eit nytt areal for bustad og fritidsbustad. Det er komme merknad på byggjegrensa i området (merknad 558). Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken og ein ny godkjent bustad. Det er ikkje sett byggjegrensa i dei nye føremåla for bustad og fritidsbustad, denne er forutsett satt gjennom ny reguleringsplan. Byggjegrensa er ikkje justert i samsvar med merknad 558 då det er ein pågåande reguleringsplanprosess for området. Innanfor pågåande reguleringsplan er byggjegrensa justert til eksisterande bygg og vidare utbygging forutsett reguleringsplan.

	
25-7 og 9 Gnr/bnr 12/15 mfl. Eikeland og Espeland	Det er sju gjeldande reguleringsplanar i området. Ein av disse er føreslått oppheva og utbyggingsføremåla er redusert i planvasken, resten er vidareført. Innanfor fire av dei vidareførte reguleringsplanane som er føreslått vidareført er det sett byggjegrense og den er derfor ikkje sett i KPA i tillegg. Ein av planane er utan byggjeføremål i området. For dei to siste reguleringsplanane er byggjegrensa i stor grad sett i samsvar med planane. Elles er det fritidsbustad, småbåtanlegg, naust og bustad i området. Bustadføremålet er redusert noko i planvasken og område som var avsett til tenesteyting er tatt heilt ut. Det er komme merknadar på byggjegrensa i området (Merknad 411 og 726). Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken. Byggjegrensa er noko justert etter merknad 411, men ikkje heilt ut til eigedomsgrensa. Byggjegrensa er justert etter merknad 726, området er planert og ligg i bakkant av eksisterande tiltak.





26 Moster, Grindheim, Totland



Område	Omtale av endringar
26-1 og 2 Gnr/bnr 14/268 mfl. Båvågen og Grindheims -vågen	Det er fem gjeldande reguleringsplanar i området. Disse er føreslått vidareført i planvasken. Innanfor to av reguleringsplanane er det sett byggjegrense og den er derfor ikkje sett i KPA i tillegg. For dei andre reguleringsplanane er byggjegrensa i stor grad sett i samsvar med planane. Elles er det naust, fritidsbustad og småbåtanlegg i området. Det er ikkje merknadar til byggjegrensa i området, men føremåla er redusert i planvasken. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken.





26-3, 4 og 5 Gnr/bnr 14/62 Grindheims -vågen	Det er tre gjeldande reguleringsplanar i området. Disse er føreslått vidareført. Ein av planane er vedtatt og ein er endra etter 1. høyring av KPA. Innanfor reguleringsplanane er det sett byggjegrense og den er derfor ikkje sett i KPA i tillegg. Elles er det bustad, fritidsbustad, naust, hamn og småbåtanlegg i området. Fleire føremål er redusert i planvasken. Det er komme merknadar på byggjegrensa i området (merknad 501, 529, 575, 578, 593, 596, 598, 601, 605, 639, 668, 721, 754, 759, 767 og 774). Byggjegrensa som var sett innanfor reguleringsplanen som er nyleg vedtatt og reguleringsplanen som no er endra, er tatt ut då den no er sikra i reguleringsplan. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken. Det er lagt inn byggjegrensa for eksisterande naust vest for pågåande reguleringsplan. Byggjegrensa er ikkje endra i samsvar med merknad 596, då byggjegrensa er avklart i ny reguleringsplan. Byggjegrensa er ikkje endra etter merknad 501, 601, då arealet er føreslått til LNF og ikkje utbyggingsføremål etter planvasken. Byggjegrensa er ikkje endra etter merknad 639, 759, 767 og 774, då arealet dels er føreslått til LNF og ikkje utbyggingsføremål etter planvasken og dels er ut i sjø. Byggjegrensa er ikkje endra etter merknad, då arealet er ut i sjø. Byggjegrensa er ikkje endra etter merknad 575, då arealet dels er føreslått til LNF og bygging i naustområdet forutsett ny reguleringsplan. Byggjegrensa er ikkje endra etter merknad 721 og 754, utbygging forutsett reguleringsplan og arealet er del av ein pågåande reguleringsplanprosess. Byggjegrensa er delvis justert etter merknad 605 slik at byggjegrensa no ligg nærmare hamneføremålet. Byggjegrensa er delvis justert etter merknad 668, arealet ligg dels eksponert og byggjegrensa er ikkje trekt lenger ut på kaien enn eksisterande bygg. Byggjegrensa er justert etter merknad 529, 578, 593 og 598.

	   
26-6, 7, 8 og 9 Gnr/bnr 17/65 mfl. Grunnavåg, Notlandsvågen og Tellevik	Det er sju gjeldande reguleringsplanar i området. Fem av reguleringsplanane er føreslått oppheva og i ein av dei er utbyggingsføremåla tatt ut i planvasken. Ein er føreslått vidareført men dels overstyrt med reduksjon av utbyggingsføremål. Siste er ein vegplan som er vidareført. Elles er det bustad, naust, VA-anlegg og fritidsbustad i området. Noko av føremåla er redusert i planvasken. Det er komme merknadar på byggjegrensa i området (merknad 512, 680/689, 693 og 753). Merknaden frå Statsforvaltaren om at byggjegrensa ikkje skal gå i sjø er aktuell då den dels er sett ut i sjø. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken og merknaden frå statsforvaltaren. Byggjegrensa er noko justert etter merknad 753, men ikkje heilt ut i eigedomsgrensa for å trekke tiltak noko lenger bak i forhold til skjering i forkant.

	Byggjegrensa er endra etter merknad 512 i Notlandsvågen, men ikkje i Store Televik. Arealet i Store Televik er føreslått til LNF og ikkje utbyggingsføremål etter planvasken og merknadsbehandling. Byggjegrensa er ikkje endra etter merknad 693 då arealet i stor grad er ut i sjø. Byggjegrensa er noko justert etter merknad 680/689 rundt og i bakkant av eksisterande bustad, ein del av ønska endring er for areal som er føreslått til LNF etter planvasken. 

27 Mosterhamn, Serklaug, Grønås



Område	Omtale av endringar
27-1 og 2 Gnr/bnr 16/122 mfl. Grønnås-vågen	Det er to gjeldande reguleringsplanar i området. Begge reguleringsplanane er føreslått oppheva og det er gjort noko justeringar i utbyggingsføremål i planvasken. For reguleringsplanane er byggjegrensa i stor grad sett i samsvar med planane. Elles er det bustad, naust og småbåtanlegg i området. Det er ikkje merknadar til byggjegrensa i området, men nokre føremål er redusert i planvasken. Merknaden frå Statsforvaltaren om at byggjegrensa ikkje skal gå i sjø er aktuell då den dels er sett ut i sjø. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken og merknaden frå statsforvaltaren.

	 
27-3 og 4 Gnr/bnr 19/132 mfl. Møllevika og Serklau	Det er fire gjeldande reguleringsplanar i området. Ein av reguleringsplanane er føreslått oppheva i planvasken. Dei andre er vidareførte. Innanfor ein av reguleringsplanane som er føreslått vidareført er det sett byggjegrense og den er derfor ikkje sett i KPA i tillegg. For dei andre reguleringsplanane vart byggjegrensa i stor grad sett i samsvar med planane. Elles er det føremål for næring og bustad i området. Det er ikkje merknadar til byggjegrensa i området, men næringsføremålet er redusert i planvasken. Merknaden frå Statsforvaltaren om at byggjegrensa ikkje skal gå i sjø er aktuell då den dels er sett ut i sjø. Byggjegrensa er justert i samsvar med merknaden frå statsforvaltaren. Utbygging av næringsområde utanfor gjeldande reguleringsplanar forutsett ny reguleringsplan, byggjegrensa må avklarast i reguleringsplanen.

	     
27-5 og 6 Gnr/bnr 22/19 mfl. Nord for Moster-hamn	Det er tre gjeldande reguleringsplanar i området. To av dei er føreslått oppheva og noko utbyggingsføremål er redusert i planvasken. Innanfor reguleringsplanen som er føreslått vidareført er det sett byggjegrense og den er derfor ikkje sett i KPA i tillegg. For dei andre reguleringsplanane er byggjegrensa i stor grad sett i samsvar med planane. Elles er det føremål for bustad og naust i området. Det er komme merknadar på byggjegrensa i området (merknad 594 og 752).

	Merknaden frå Statsforvaltaren om at byggjegrensa ikkje skal gå i sjø er aktuell då den dels er sett ut i sjø. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken og merknaden frå statsforvaltaren. Byggjegrensa er endra i samsvar med merknad 594 for eksisterande bygg og parkeringsareal bak dette, men ikkje heilt bak til eigedomsgrensa. Byggjegrensa er ikkje endra etter merknad 752 då området er stort og vidare utbygging forutsett ny reguleringsplan. 
27-7 og 8 Gnr/bnr 21/14 mfl. Moster-hamn og sørover Moster-hamn	Det er tre gjeldande reguleringsplanar i området. To av reguleringsplanane er føreslått oppheva og utbyggingsføremåla er noko redusert i planvasken. Den tredje planen er ein vegplan som vert vidareført. Byggjegrensa vart i stor grad sett i samsvar med planane. I tillegg til endringar i planvasken så er det også gjort endringar av føremål gjennom sentrumsvurderinga (sjå dokument for KU-light og sentrumsvurdering). Det er komme merknad på byggjegrensa i området (merknad 597) Merknaden frå Statsforvaltaren om at byggjegrensa ikkje skal gå i sjø er aktuell då den dels er sett ut i sjø. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken, endringar i sentrumsvurderinga og merknaden frå statsforvaltaren. Byggjegrensa er justert etter merknad 597 slik at eksisterande bygg og heile kaien ligg innanfor grensa.

	For nye føremål til fritid og turisme og småbåthamn ved den gamle ferjekaien er det ikkje sett byggjegrensa, den må avklarast gjennom utarbeiding av ny reguleringsplan.  

28 Spyssøya, Otterøya



Område	Omtale av endringar
28-1, 2 og 3 Gnr/bnr 25/28 mfl. Spissøy	Det er fire gjeldande reguleringsplanar i området. Alle reguleringsplanane er føreslått oppheva og fleire utbyggingsføremål er redusert i planvasken. Byggjegrensa er elles i stor grad sett i samsvar med planane. Elles er det føremål for fritidsbustad og naust i området. Fleire føremål er redusert i planvasken. Det er komme merknad på byggjegrensa i området (Merknad 846). Det er ein pågåande reguleringsplan som omhandlar ein av dei gjeldande reguleringsplan med utviding. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken. For fritidsbustadføremålet ved Fangavika, nord for gjeldande plan, er byggjegrensa justert til eksisterande bygg, då vidare utbygging forutsett ny reguleringsplan og byggjegrensa kan avklarast i reguleringsplanen. Byggjegrensa er derfor heller ikkje endra etter merknad 846. Byggjegrensa i Akvakulturområdet er tatt ut av KPA, då etablering av akvakultur på land her forutsett ny reguleringsplan og byggjegrensa kan avklarast i reguleringsplanen. Det er ikkje sett byggjegrensa for pågåande reguleringsplan då byggjegrensa er forutsett avklart i reguleringsplanen.

		

29 Sakseid, Kuleseid, Steinsvåg, Våge



Område	Omtale av endringar

29-1, 2 og 3 Gnr/bnr 125/36 mfl. Vornes	Det er føremål for naust, næring (kystfiske), fritidsbustad, småbåtanlegg og spreidd bustad i området. Føremåla er redusert i planvasken. Det er ein pågåande reguleringsplan i området. Det er komme merknad på byggjegrensa i området (Merknad 794). Merknaden frå Statsforvaltaren om at byggjegrensa ikkje skal gå i sjø er aktuell då den dels er sett ut i sjø. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken og merknaden frå statsforvaltaren. Byggjegrensa er ikkje endra etter merknad 794, då vidare utbygging forutsett reguleringsplan av byggjegrensa kan avklarast i reguleringsplanprosessen. Innanfor pågåande reguleringsplan blir det forutsett at byggjegrensa vert avklart i reguleringsplanen og byggjegrensa er ikkje sett i KPA for dette arealet. 
29-4, 5, 6 og 7 Gnr/bnr 4/213 mfl. Kuleseid-vågen	Det er sju gjeldande reguleringsplanar i området. To av reguleringsplanane er føreslått oppheva og nokre utbyggingsføremål er redusert i planvasken. Innanfor ein av reguleringsplanane som er føreslått vidareført er det sett byggjegrense og den er derfor ikkje sett i KPA i tillegg. For dei andre reguleringsplanane er byggjegrensa i stor grad sett i samsvar med planane. Elles er det føremål for bustad, naust, fritidsbustad, småbåtanlegg, fritid og turisme, og spreidd bustad i området. Fleire føremål er redusert i planvasken, men endra areal var i stor grad utanfor sett byggjegrense. Det er komme merknad på byggjegrensa i området (merknad 473, 483, 577, 614, 765 og 800). Merknaden frå Statsforvaltaren om at byggjegrensa ikkje skal gå i sjø er aktuell då den dels er sett ut i sjø.

	Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken og merknaden frå Statsforvaltaren. For fritids- og turistføremålet er det sett byggjegrensa for eksisterande bygg etter at arealet vart redusert i planvasken og etter merknad 765. Byggjegrensa er ikkje endra etter merknad 473, då arealet i all hovudsak er føreslått til LNF og ikkje utbyggingsføremål i planvasken. Byggjegrensa er noko justert etter merknad 800 på land, men er ikkje utvida til å ha med heile det eksisterande kaianlegget. Byggjegrensa er noko justert etter merknad 577, men ikkje nærmare sjø då arealet framfor eksisterande bygg er føreslått til LNF og ikkje utbyggingsføremål i planvasken. Byggjegrensa er noko justert etter merknad 614, men i hovudsak avgrensa til planert areal på land. Byggjegrense er ikkje endra etter merknad 483, då det meste av arealet er føreslått til LNF og ikkje utbyggingsføremål i planvasken og eksisterande naust er sikra. 
29-8 og 12 Gnr/bnr 4/203 mfl. Finnås og Sakseid	Det er seks gjeldande reguleringsplanar i området. To av reguleringsplanane er føreslått oppheva. Resten er føreslått vidareført, men to av dei er dels overstyr av nye føremål i KPA. Innanfor ein av reguleringsplanane som er føreslått vidareført er det sett byggjegrense og den er derfor ikkje sett i KPA i tillegg. For dei andre reguleringsplanane er byggjegrensa i stor grad sett i samsvar med planane. Elles er det bustad, naust, næring, fritidsbustad, kombinert turisme/næring og kombinert bustad/turisme/næring. Fleire føremål

	er redusert i planvasken, men endra areal var i stor grad utanfor sett byggjegrense. Det er ein pågåande reguleringsplan i området byggjegrensa vert avklart i reguleringsplanen og byggjegrensa er ikkje sett i KPA for dette arealet. Det er komme merknadar på byggjegrensa i området (merknad 439, 571, 609, 703, 705, 787 og 799). Merknaden frå Statsforvaltaren om at byggjegrensa ikkje skal gå i sjø er aktuell då den dels er sett ut i sjø. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken og merknaden frå Statsforvaltaren. Det er sett byggjegrense for eksisterande naust i naustføremåla i sakseidpøyla som ligg utanfor pågåande reguleringsplan. Byggjegrensa er noko endra etter merknad 571, men ikkje heilt ut til sjøkanten i sør eller ut i sjø. Byggjegrensa er noko endra etter merknad 703 og 705, men ikkje så stor utviding som ønska. Byggjegrensa er ikkje endra etter merknad 609, då arealet i all hovudsak er føreslått til LNF og ikkje utbyggingsføremål i planvasken. Byggjegrensa er ikkje endra etter merknad 787, då ønska endringa er grunna ønska tiltak som er i strid med arealføremålet. Byggjegrensa er ikkje endra etter merknad 799, då del av arealet er føreslått til LNF, og elles at vidare utbygging forutsett ny reguleringsplan og byggjegrensa kan avklarast i reguleringsplanen. Byggegrensa er noko endra etter merknad 439, men avgrensa til eksisterande bygg. Vidare utbygging av arealet forutsett ny reguleringsplan.  
29-9, 10 og 11	Det er tre gjeldande reguleringsplanar i området. Ein av reguleringsplanane er føreslått oppheva og noko utbyggingsføremål er

Gnr/bnr 122/32 mfl. Kuleseid	redusert i planvasken. Dei andre er vidareført. Innanfor reguleringsplanane som er vidareført er det ikkje sett byggjegrensa i KPA, då den eine er ein vegplan og det i den andre er sett byggjegrense i ein nyleg endring av reguleringsplanen. For reguleringsplanen som er føreslått oppheva var byggjegrensa i stor grad sett i samsvar med planen. Elles er det bustad, fritidsbustad og naust i området. Fleire føremål er redusert i planvasken. Det er komme merknad på byggjegrensa i området (440, 478, 609 og 751). Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken. Det er sett byggjegrense for eksisterande naust og bustad i Storafjøra. I naustområde i Steinvågen forutsett vidare utbygging ny reguleringsplan, men det er lagt inn byggjegrense for eksisterande naust. Det låg inne byggjegrensa for reguleringsplan som er endra, denne er tatt ut frå KPA på bakgrunn av at den no er sikra i reguleringsplanen. Byggjegrensa er endra i samsvar med merknad 751 og 440. Byggjegrensa er noko justert etter merknad 478 og 609 rundt eksisterande tun ved Storafjøra/Olabakken, men ikkje så mykje som ønska på grunn av eksisterande terreng. 
29-13 og 14 Gnr/bnr 5/47 mfl. Sakseid-vågen og Kråkeneset	Det er to gjeldande reguleringsplanar i området. Begge reguleringsplanane er føreslått vidareførte. Ein av planane er ein vegplan og i den andre er det sett byggjegrense og den er derfor ikkje sett i KPA i tillegg. Elles er det bustad, gartneri, næring og naust i området. Fleire føremål er redusert i planvasken, mellom anne er eit tidlegare kombinert føremål redusert til eksisterande utbygging og endra til bustadføremål. Det er ein pågåande reguleringsplan i området, byggjegrensa innanfor denne er forutsett avklart i reguleringsplanen. Det er komme merknad på byggjegrensa i området (merknad 541). Merknaden frå Statsforvaltaren om at byggjegrensa ikkje skal gå i sjø er aktuell då den dels er sett ut i sjø.

	Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken og merknaden frå Statsforvaltaren. Byggjegrensa er endra etter merknad 541, til føremålsgrensa. 

30 Hellvika, Lykling, Nappavika



Område	Omtale av endringar
30-1 og 2 Gnr/bnr 127/10 mfl. Hellevika og Tverrborg-vika	Det er ein gjeldande reguleringsplan i området. Den er føreslått oppheva og utbyggingsføremåla er redusert i planvasken. Elles er det næring, fritidsbustad og naust i området. Det er ikkje merknadar til byggjegrensa i området, men føremåla er redusert i planvasken. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken.

	
30-3 Gnr/bnr 128/15 mfl. Gullgruvene	Det er ein gjeldande reguleringsplan i området. Denne er føreslått vidareført, men delvis overstyrt av føremål i planvasken. Noko av utbyggingsføremåla er redusert. Det er ikkje merknadar til byggjegrensa i området. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken. 
30-4, 5 og 6 Gnr/bnr	Det er tre gjeldande reguleringsplanar i området. Ein av reguleringsplanane er føreslått oppheva og utbyggingsføremål er redusert i planvasken. Byggjegrensa var i stor grad sett i samsvar med

135/13 mfl. Lykling-fjorden	planen. Dei to andre reguleringsplanane er vidareført og det er sett byggjegrense i disse reguleringsplanane, og den er derfor ikkje sett i KPA i tillegg. Elles er det føremål for fritid og turisme, kulturhistorisk, fritidsbustad, småbåtanlegg, småbåthamn, tenesteyting og spreidd bustad i området. Fleire føremål er redusert i planvasken. Det er komme merknad på byggjegrensa i området (merknad 506, 527, 544 og 644). Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken. For fleire av føremåla til fritid og turisme, samt småbåthamna tilhøyrande disse, vil utbygging av arealet forutsette ny reguleringsplan, byggjegrensa vert avklart i reguleringsplan og byggjegrensa er ikkje sett i KPA. Byggjegrensa er ikkje endra etter merknad 544, då ønska endring er føreslått til LNF og ikkje utbyggingsføremål i planvasken. Byggjegrensa er ikkje endra etter merknad 644, då byggjegrensa er avklart i gjeldande reguleringsplan for arealet. Byggjegrensa er ikkje endra etter merknad 506 og 527, då området er heilt til sjø og er eit kulturmiljø og eventuell vidare utbygging her bør avklarast i reguleringsplan. 

	
30-7 Gnr/bnr 137/28 mfl. Kjerkalevik-vegen	Det er fritidsbustad i området. Det er ikkje merknadar til byggjegrensa i området, men føremålet er redusert i planvasken. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken.  
30-8 Gnr/bnr 139/9 mfl. Søraneset	Det er ein gjeldande reguleringsplan i området. Den er føreslått oppheva og utbyggingsføremåla er tatt ut i planvasken. Elles er det fritidsbustad i området. Føremålet er redusert i planvasken, men endra areal var utanfor sett byggjegrense. Det er ikkje merknadar til byggjegrensa i området. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken.

		

31 Lyklingholmane, Geitung, Nautøya, Skotningen mm



Område	Omtale av endringar
31-1 Gnr/bnr 133/8 mfl. Nordre Lykling-holmen	Det er fritidsbustad og naust i området. Det er ikkje merknadar til byggjegrensa i området, men fritidsbustadføremålet er redusert i planvasken. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken.

	 
31-2 Gnr/bnr 132/26 mfl. Geitung	Det er fritidsbustad og naust i området. Det er ikkje merknadar til byggjegrensa i området. Naustføremåla er redusert i planvasken, men endra areal var utanfor sett byggjegrense. Det er lagt inn nytt naustføremål i området, utbygging av dette forutsett avklaring av byggjegrense med meir gjennom ny reguleringsplan. Byggjegrensa er ikkje endra. 

	

32 Grutle, Holme, Gissøya, Vestre Vika



Område	Omtale av endringar
32-1 og 2 Gnr/bnr 141/51 mfl. Grutle	Det er naust, tenesteyting, akvakultur, kulturhistorisk, fritidsbustad, småbåtanlegg, næring og spreidd bustad i området. Fleire føremål er redusert i planvasken. Det er komme merknad på byggjegrensa i området (merknad 508). Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken. Byggjegrensa er noko endra etter merknad 508.





32-3 Gnr/bnr 42/47 mfl. Holmesjøen	Det er ein gjeldande reguleringsplan i området. Den er føreslått vidareført i planvasken. Elles er det kulturhistorisk naustmiljø i området. Føremålet er redusert i planvasken, men endra areal var utanfor sett byggjegrense. Det er ikkje merknadar til byggjegrensa i området. Byggjegrensa er ikkje endra. 
32-4 og 5 Gnr/bnr 45/10 mfl. Vika	Det er bustad, fritidsbustad, naust og småbåtanlegg i området. Føremåla er redusert i planvasken. Det er ikkje merknadar til byggjegrensa i området. Merknaden frå Statsforvaltaren om at byggjegrensa ikkje skal gå i sjø er aktuell då den dels er sett ut i sjø. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken og merknaden frå statsforvaltaren.

	 
32-6 Gnr/bnr 43/19 mfl. Tjong	Det er naust og småbåtanlegg i området. Føremåla er redusert i planvasken, men endra areal var utanfor sett byggjegrense. Det er ikkje merknadar til byggjegrensa i området. Byggjegrensa er ikkje endra.  

33 Espevær mm



Område	Omtale av endringar
33-1 og 2 Gnr/bnr 46/173 mfl. Espevær vest	Det er føremål for naust, fritidsbustad, småbåtanlegg, næring, gravplass, bustad, tenesteyting, fritid og turisme og spreidd bustad i området. Fleire føremål er redusert i planvasken. Det er komme merknad på byggjegrensa i området (Merknad 477 og 482). Merknaden frå Statsforvaltaren om at byggjegrensa ikkje skal gå i sjø er aktuell då den dels er sett ut i sjø. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken og merknaden frå statsforvaltaren. Byggjegrensa er ikkje endra etter merknad 477 og 482. Dette grunna terrenget i bakkant av bustaden og at arealet i framkant er føreslått til FFNF.

	
33-3 og 4 Gnr/bnr 46/52 mfl. Espevær aust	Det er bustad, hamn og fritid og turisme i området Det er ikkje merknadar til byggjegrensa i området, men nokre føremål er redusert i planvasken. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken. 
33-5 Gnr/bnr 46/250 mfl. Klungs-holmen	Det er næring i området. Det er ikkje merknadar til byggjegrensa i området. Føremålet er redusert i planvasken, men endra areal var utanfor sett byggjegrense. Byggjegrensa er ikkje endra.

	 
33-6 Gnr/bnr 46/199 Baade-holmen	Det er ein gjeldande reguleringsplanar i området som er føreslått vidareført i planvasken. Innanfor reguleringsplanen er det sett byggjegrense og den er derfor ikkje sett i KPA i tillegg. Føremåla i reguleringsplanen er detaljert inn i KPA gjennom planvasken men er i praksis ikkje redusert. Elles er det bustad og VA-anlegg i området. Det er ikkje merknadar til byggjegrensa i området og føremåla er ikkje redusert i planvasken. Byggjegrensa er ikkje endra. 
33-7 og 8 Gnr/bnr 46/55 Dørøy og Saugøya	Det er ein gjeldande reguleringsplanar i området. Reguleringsplanen er føreslått oppheva og utbyggingsføremåla er redusert i planvasken. Elles er det bustad, småbåtanlegg og eit nytt areal for LNF-spreidd i området. Det er ikkje merknadar til byggjegrensa i området, men nokre føremål er redusert i planvasken. Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken. Det er lagt inn byggjegrensa for eksisterande bygg i nytt LNF-spreidd-område.



34 Eidesvik, Kalavåg, Bømlahamn



Område	Omtale av endringar
34-1, 2, 3 og 4 Gnr/bnr 56/146 mfl. Eidesvik og Vespestad-dalen	Det er to gjeldande reguleringsplanar i området. Ein av reguleringsplanane er føreslått oppheva og utbyggingsføremåla er redusert i planvasken, den andre er vidareført. Elles er det føremål for hamn, naust, fritidsbustad, småbåtanlegg, næring, bustad og spreidd bustad i området. Fleire føremål er redusert og eit tidlegare akvakulturføremål er tatt heilt ut i planvasken. Det er komme merknadar på byggjegrensa i området (Merknad 498, 583 og 718). Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken. Vidare utbygging i naustføremåla innanfor gjeldande reguleringsplan som er føreslått oppheva forutsett ny reguleringsplan og byggjegrensa er derfor tatt ut frå KPA på disse areala. På bakgrunn av dette er heller ikkje byggjegrensa endra etter merknad 583. Byggjegrensa er ikkje endra etter merknad 498 og 718, då vidare utbygging forutsett ny reguleringsplan og byggjegrensa kan avklarast i reguleringsplanen.

	 
34-5, 6 og 7 Gnr/bnr 48/20 mfl. Kalavågen	Det er ein gjeldande reguleringsplan i området. Reguleringsplanen er vidareført. Innanfor reguleringsplanen er det sett byggjegrense og den er derfor ikkje sett i KPA i tillegg. Elles er det naust, fritidsbustad, småbåtanlegg, hamn, bustad og spreidd bustad i området. Det er komme merknad på byggjegrensa i området (merknad 467, 491, 565, 623, 626, 756). Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken. Byggjegrensa er noko endra etter merknad 467, 565, 623 og 756. Byggjegrensa er ikkje endra etter merknad 491, då arealet i hovudsak er LNF og ikkje utbyggingsføremål etter planvasken. Byggjegrensa er endra etter merknad 626.

	 
34-8, 9 og 10 Gnr/bnr 52/19 mfl. Bømlahamn	Det er tre gjeldande reguleringsplanar i området. To av reguleringsplanane er føreslått oppheva og utbyggingsføremåla er redusert i planvasken. Den tredje reguleringsplanen er vidareført. Innanfor reguleringsplanen som er føreslått vidareført er det sett byggjegrense og den er derfor ikkje sett i KPA i tillegg. Elles er det bustad, fritidsbustad, naust og småbåtanlegg i området. Det er komme merknad på byggjegrensa i området (merknad 436, 555, 766 og 775). Føremåla er reduserte i planvasken. Merknaden frå Statsforvaltaren om at byggjegrensa ikkje skal gå i sjø er aktuell då den dels er sett ut i sjø.

	Byggjegrensa er justert i samsvar med planvasken og merknaden frå statsforvaltaren. Byggjegrensa i fritidsbustadføremålet i vest er justert til eksisterande bygg, då vidare utbygging bør avklarast gjennom ny reguleringsplan. På bakgrunn av dette er ikkje byggjegrensa endra her etter merknad 766. Byggjegrensa er noko endra etter merknad 766 for bustadføremålet, men ikkje justert lenger ned mot sjø då den allereie går i føremålsgrensa. Byggjegrensa er justert etter merknad 436. Byggjegrensa er noko justert etter merknad 775. Byggjegrensa er ikkje endra etter merknad 555, då ønska endring er ut i sjø. 



35 Langevåg, Vorland, Andal



Område	Omtale av endringar
35-1 Gbnr. 53/53 m.fl Hovlandshagen	Området er avsett til næring og noko naust i kommuneplan. Det ligg ikkje føre merknadar til byggjegrense i området. Det er gjort mindre justeringar på byggjegrensa for å tilpassa seg kystkontur og arealføremål etter gjennomført planvask. Elles er området i stor grad omfatta av reguleringsplanar som fastsett byggjegrense.
35-2 Gbnr. 53/33 m.fl Hovland	Er eit større område hovudsakleg avsett til LNF, med innslag av bustad, næring og naust. Det ligg ikkje føre merknadar til byggjegrensa i området.

	Det er gjort justeringar på byggjegrense for å følgje eksisterande kystkontur, samt arealføremål etter gjennomført planvask.  
35-3 Gbnr 56/6 m.fl Langevåg sør	Området er avsett til naust, bustad og sentrumsføremål. Det ligg føre ein merknad til byggjegrensa i område, gitt i journalpost 649, der ein ber om at byggjegrense blir satt for avsett naustområde på gbnr. 5/5. Grunnlaget er at området er planert og at ein allereie har gjort vesentlege investeringar i veg, vatn og avlaup. Merknaden er ikkje tatt til følgje. Området er i stor grad bygd ut og det er sentrumsnært. Vidare utvikling og eventuelle byggjegrenser for denne bør settast i gjennom reguleringsplan.

	Det er gjort mindre justeringar slik at byggjegrensa samsvarar med arealføremål etter gjennomført planvask.
35-4 Gbnr. 58/1 Langevåg Nord	Området er avsett til naust og bustad. Det ligg ikkje føre merknadar til byggjegrensa i området. Byggjegrensa er justert for å samsvara med arealføremål etter gjennomført planvask.  
35-5 Gbnr 59/22 m.fl Hestahaugen	Området av avsett til spreidd bustad og naust. Det ligg føre ein merknad til byggjegrensa i området, gitt i journalpost 498. Merknaden ber om at byggjegrense utvidast for å omfatta eit større areal av Vorlandsvegen 21, samt at Vorlandsvegen 23 innlemmast, der det står eit hus i dag. Det aktuelle området ligger i eller i nærleiken av eit båndlagt kulturminne etter lov om kulturminne.

	Byggjegrensa er difor ikkje justert. Merknaden er ikkje tatt til følgje. Vidare eventuell utbygging må basera seg på ein reguleringsplan. Det er elles ikkje gjort justeringar av byggjegrensa i området.
35-6 og 7 Gbnr. 59/53 m.fl Hetlandstangen	Området er avsett til bustad, fritidsbustad, noko fritids- og turistføremål og naust. Det ligg ikkje føre merknadar til byggjegrensa i området. Det er gjort mindre justeringar på byggjegrense slik at den skal samsvara med arealføremål etter gjennomført planvask.
35-8 og 9 Gbnr. 60/26 mfl. Andal	Området er avsett til spreidd bustad og naust. Det ligg ikkje føre merknadar til byggjegrensa i området. Det er gjort mindre justeringar på byggjegrensa slik at den samsvarar med arealføremål etter gjennomført planvask.

36 Hille, Bjørnevik, Børøya, Tjongspollen



Område	Omtale av endringar
36-1 Gnr/bnr 4/176 Hildesjøen og Skutevika	Område består av føremåla LNF-spreidd, fritidsbustad og naust. Naustområde i sør inngår i reguleringsplan, PlanID 202107. Det er ikkje kome merknader til byggjegrensa i område. For naustområde i nord er det sett byggjegrense for eksisterande naust. For det naustområde som ikkje har byggegrense, bør utviklinga skje gjennom regulering. Byggjegrensa er elles justert i tråd med planvasken og kystkontur.

	
36-2 Bjørnavik-neset Gnr/bnr 3/26	Område består av fleire naust – og fritidsføremål, og eit bustadføremål. Det er kome ein merknad til det eine naustområde i nord (merknad 513). Område er delvis endra til LNF i planvasken, byggjegrensa er såleis berre justert til i bakkant i tråd med føremålet. Elles er byggjegrensa justert i tråd med planvask, kystkontur og kai.

	
36-3 og 36-4 Børøy Gnr/bnr 2/106	Område består av fritidsføremål og naustføremål. Det er kome ein merknad til byggjegrensa på vestsida (merknad 755). Byggjegrensa er justert mot aust, men er ikkje trekt nærmare sjøen. Elles er byggjegrensa justert i tråd med planvasken i område. Det er og sett byggjegrense for eksisterande tiltak. Dersom ein skal vidareutvikle nokon av områda bør det skje gjennom regulering. 
36-5 Straumøy	Området består av naust – og fritidsføremål. Det er ikkje merknader til byggjegrensa i område. For delar av område er det ein reguleringsplan PlanID 201108. Reguleringsplanen er anbefalt oppheva.

Gnr/bnr 1/24	For naustføremåla er byggjegrensa berre vidareført for eksisterande tiltak. Vidare utbygging på øya bør skje gjennom regulering. Byggjegrensa er elles justert i tråd med planvasken. 
36-6 Hjartnes Gnr/bnr 62/10	Område består av eit LNF-spreidd område. Det er ikkje merknader til byggjegrensa. Byggjegrensa er juster i tråd med planvasken. 